# Bergensposten.

**NR.2** **desember 2004** **7. ÅRGANG**




# STATSARKIVET I BERGEN

Bergensposten er en publikasjon som har vært utgitt av Statsarkivet i Bergen siden 1998. Dette er det 8. i rekken.

Ansvarlig redaktør: Yngve Nedrebø
Ansvarlig for layout og utforming: Tom Myrvold
Trykk: Statsarkivet i Bergen
Opplag: ca. 1000

ISSN 1501-4436




*Omslagsbilde:*
*Lillian Koehler*

# Bergensposten 2/2004

Her kommer andre utgave av Bergensposten for 2004. Målsettingen er den samme som tidligere: å samle stoff fra ansatte og lesesalsgjester for å vise litt om hva våre kilder kan gi for av underholdning og opplysning. Vi ønsker at stoffet som trykkes her skal ha en verdi ut over dagen i dag. Også denne gangen har vi fått med oss varierte emner, og håpet vårt er selvsagt at stoffet finner interesserte lesere.

Professor dr. med. Torstein Inge Bertelsen har med interesse fulgt høstens "avsløringer" om diverse kongehus, og har med det som utgangspunkt gjenfortalt historiene om de siste felles dansk-norske konger. De stod nok slett ikke tilbake for sine etterfølgere! Til ære for tidsskiftet har han denne gangen skrevet på nynorsk, etter sigende for første gang siden sidemålsstilen til artium!

Synøve Bringslid er arkivar og har hentet fram minst like dramatisk stoff fra historien om Sophie Hetlevig, enken som endte på tukthus etter fødsel i dølgsmål. Hun viser hva de ulike kildene har å bidra med til en mosaikk av sosialhistorie.

Runar Jordåen har vært lesesalsgjest, sivilarbeider og ansatt ved Statsarkivet i Bergen, og han har skrevet hovedfagsoppgave om "Frå synd til sjukdom? Konstruksjonen av mannleg homoseksualitet i Norge 1886-1950" (2003). I artikkelen sin her har han tatt utgangspunkt i de samme temaene, men har utvidet tidsperspektivet, og gjør bruk av materiale fra de siste fire århundrene.

Knut Johannes Erstad har funnet fram notater fra sin bestemor Solveig Barratt Lange, som beskrev sin families historie i Bergen på 1800-tallet, og han har supplert hennes beretninger med bilder og rammetekst.

Hanne Karin Sandvik er nytilsatt avdelingsingeniør ved Statsarkivet i Bergen, og hun har med stor iver og interesse tatt for seg kirkeboken 1880-1908 for Vikøy sokn i Kvam som konserveringsobjekt, og deler sine oppdagelser med leserne.

Jan Bødtker er frimerkesamler og posthistoriker, og lesesalsgjest ved Statsarkivet i Bergen. Han har latt oss få trykke sin artikkel om Osbanens postale historie. Hans historie har vi også fått gjøre bruk av i forbindelse med årets

utgave av Arkivenes dag, da kommunikasjon og transport var temaet.

Til Arkivenes Dag skrev førsteamanuensis Jan Oldervoll beretningen om "Bestefar og Aadland-bilerne", der han ga oss innblikk i den fargerike historien bak etableringen av automobilruter i Hordaland i årene like etter den første verdenskrig.

Vi har i høst trykt opp igjen de første numrene (1998-1999) av Bergensposten, og om noen skulle ønske et eksemplar av disse, kan de henvende seg til institusjonen.

Redaksjonen av dette nummeret er sluttet 30. november 2004. På vegne av institusjonen og bidragsyterne ønsker vi alle en God Jul og et Godt Nytt År.

Yngve Nedrebø





†

## *Johnny Wie*

Johnny Bjarne Wie døde 18. oktober 2004, 57 år gammel. Vi visste at helsen hans langt fra var god, men budskapet om dødsfallet kom likevel fullstendig uventet. Bare to uker tidligere hadde vi fått kort fra ham. Da ferierte han på Kreta, og stortrivdes.

Johnny var født i Bergen 25. september 1947. Sine første åtte år bodde han i Klosteret 17, bygningen som i sin tid hadde huset Stiftsarkivet i Bergen. Seinere flyttet familien til Slettebakken, og han gikk på Fridalen skole. Så gikk han på frisørlinjen ved Bergens Yrkesskole. Svennebrevet som herrefrisør fikk han i oktober 1967, men alt etter fem år i yrket måtte han gi seg som følge av fysiske plager. Han tok da toårig utdanning i handel- og kontorfag på linjen for regnskap og økonomi, og han hadde arbeidsplassen sin på Statsarkivet i Bergen fra oktober 1974.

Hans første store oppgave på arkivet var ordning og ompakking av 1920-tellingen. Etter hvert tok han seg av størstedelen av fotokopieringen ved institusjonen, og han hadde lesesalsvakter. I 1991 begynte han på etatens registratorkurs, og det fullførte han i fin stil i 1993. Da fikk han ansvaret for

lesesals ekspedisjonen. Der trivdes han godt. Han gav de besøkende tid til å legge fram sine problemer, og vi hørte aldri om noen som gikk uten å føle at de var forsøkt hjulpet etter alle kunstens regler. Høsten 1997 fikk han konsulentstilling.

Johnny var gjennom mange år plaget av dårlig helse, og han gav seg i arbeidslivet ved utgangen av april 1999. Han forsøkte aktivt å bevare helsen. Han la bort røyken og begynte å trene systematisk. Når vi traff ham disse siste årene virket han optimistisk og lett til sinns. Han reiste mye, i mange år i første rekke til greske øyer. I mai 2004 sendte han oss begeistret hilsen fra Azorene, et sted han hadde drømt om å besøke helt siden barndommen.

Han elsket å fortelle historier, og hadde betydelig sans for det humoristiske og barokke. Han var jevnlig tilbake på arkivet, og gav seg god tid til å berette om mange av sine opplevelser, både om folk og om steder han hadde besøkt.

Johnny likte seg så avgjort best når han hadde mennesker rundt seg. I unge år var han svært aktiv i Bondeungdomslaget, og han viet mye av sin tid til folkedans. Årlige turer til folkedansfestivaler i Irland var gjennom en lang periode blant de absolutte høydepunktene for ham. Han var også ivrig brevskriver, og hadde mange brevvenner spredt vidt rundt om på kloden.

Han trivdes svært godt med huslige sysler og likte å organisere og samle venner. Han var oftest initiativtakeren, og også svært ofte den som laget til maten. Mye av fritiden sin brukte han på å stelle i hagen.

25. oktober 2004 ble Johnny bisatt fra Troens kapell. Kapellet var fylt til siste plass, nok et vitnesbyrd om hvor vennesæl han var.

Vi lyser fred over Johnnys minne.

Yngve Nedrebø.

## *Torstein Bertelsen:*
# Kongeleg såpeopera i Danmark og Noreg

Denne hausten er det skrive mykje i dagspressa om skilsmissa mellom prinsesse Alexandra og arveprins Joachim i Danmark. Då har avisene óg trekt fram nokre av dei tidlegare skandalane av dette slaget i den danske kongeslekta. Frå danske aviser vart det klippt at kong Christian d. 8. (1786-1848) hadde vore fråskilt og at sonen hans, Frederik, vart gift og skilt fleire gongar. Men journalistane i Danmark hadde nok gløymt at Christian d. 8., konge i Danmark frå 1839, hadde vore norsk konge nokre sommarmånader i 1814 under namnet Christian Frederik.

Og like lite var det kjent blant dei norske journalistane at helten frå Eidsvoll, den same Christian Frederik, ei tid før han kom til Noreg, var gjort til næraste arvingen til den danske trona, og at han var fråskilt og hadde eit bortgøymt barn utanfor ekteskap. Det med arveretten hadde seg slik at kongen, Frederik d. 6., blant sine seks born ikkje hadde fått levedyktige søner, berre to døtrer. Heller ikkje hadde han brør som kunne kome inn som arveprinsar. Dermed aksepterte han at arveretten gjekk over til Christian Frederik, som var ein litt fjernare slektning. Fedrane deira var



*Fig 1 Arveprins Frederik (1753-1805), då han var 23 år gamal. Han var den offisielle far til vår Christian Frederik, seinare Christian d. 8 av Danmark og*



*Fig 2 Christian Frederik utvikla seg til å verte ein velvaksen og vakker mann. Dette kopparstikket er frå 1807, då han var omlag 21 år gamal. Det Kgl.*

halvbrør med same far, kong Frederik d. 5., men med kvar si mor. Slik var i alle fall offisielt. Men det var ikkje alle som ville tru på den for Christian Frederik sitt vedkommande. Foreldra hans hadde vore gift i 12 år utan å få barn. Men så kom det fire på rekkje og rad, og ingen av dei likna det minste på far sin.

Det er lite sannsynleg at denne sterkt degenererte prinsen var far til Christian d. 8., ein av dei vakraste og mest evnerike kongar Danmark har hatt, er det vorte sagt.1

Han likna mykje meir på den mandige kammarjunkaren Frederik von Blücher, som mor hans sette så stor pris på. Han var son til ein innvandra tysk offiser.



*Fig 3  Frederik von Blücher var truleg rette far til Christian Frederik. Frederiksborg Slott.*

Frederik von Blücher vart av mange sett på som far til Christian Frederik, men rykta om dette stilna etterkvart som korkje den offisielle far hans eller kongen greip inn. Og i den følgjande tida, og heilt opp til våre dagar, var dette nærast eit tabuemne blant historikarar.

Då Christian Frederik kom til Eidsvoll i 1814, hadde han allereie i fleire år vore skild frå kona si, prinsessa Charlotte Frederikke av Mecklenburg, som óg var syskenbarnet hans. Christian Frederik hadde møtt henne fyrste gong i 1803, då han var berre 17 år gamal og på vitjing i Mecklenburg saman med far sin og broren Ferdinand. Charlotte Frederikke var ei livat jente, lita og rund i formene, kanskje ikkje påfallande vakker, men sjarmerande.



*Fig 4 Prinsesse Charlotte Frederikke (1784-1840) som Christian Frederik fyrst fikk tre barn med, deretter gifta seg med, og til slutt skilte seg frå, alt saman*

Møtet med prinsessa var så spennande at han kom tilbake alt året etter. Då gjekk det korkje verre eller betre under det korte opphaldet enn at ho vart med barn. Det måtte verte bryllaup snarast, meinte far hennar, men det sette kronprins Frederik (seinare d. 6.) og hoffet i København seg imot. Det kunne ikkje tillatast at gemalinna til ein



*Fig 5. Amtmannen i Åbenrå, Konrad Daniel von Blücher (1764-1845). Han sytte for forfalsking av alle papir og for adopsjonen av Christian Frederiks utomekteskapelege dotter. Måleri av C. A. Jensen.*

mogeleg framtidig konge, viste seg i hovudstaden med stor mage før giftarmålet. Kanskje spelte det også ei rolle at kronprinsen hadde tankar om å få gifta den eldste av sine eigne døtrer, Caroline, med Christian Frederik. Berre på vilkår av at barnet vart født i dølgsmål og at det i det stille vart adoptert bort, kunne det tillatast at Christian Frederik fekk gifta seg med Charlotte Frederikke. Og slik gjekk det.

Då ei lita prinsesse kom til verda den 31. august 1805, sytte amtmannen i Åbenrå, Konrad Daniel von Blücher, for å forfalske alle papir. Han var ein yngre bror til kammerjunkaren Frederik von Blücher, som er nemnt ovanfor, og var såleis etter alt å døme farbror til Christian Frederik. Amtmannen fekk barnet sett bort til ei tenestejente som hadde hatt arbeid på eit slott i nærleiken. Det heitte seg at far til barnet var ein tysk skogvaktar, og jentungen fekk namnet Franziska Enger. Eit lite hus vart stilt til rådvelde for henne i Åbenrå, og der voks ho opp og levde resten av sine dagar til ho døydde i 1881. Dei som kjente henne, kalla henne Jomfru Fanny.

Sjølv hadde ho full kjennskap til opphavet sitt, og Christian Frederik sytte sjølv for at ho fekk ein pensjon så lenge han levde, men berre to gonger hadde han personleg kontakt med henne, då han var på vitjing i nærleiken. Då Christian Frederik vart sett inn som konge i Danmark, (1839), vart Fanny beden til feiringa i København. Men ho ynskte ikkje å vere med. Sidan høyrde ein berre sjeldan om henne, men noko meir i åra omkring det slesvig-holsteinske opprøret i 1848 og den følgjande treårskrigen. Då kom ho på folkemunne med profetiske utsegner om krigens gong og Danmark sin lagnad. Så seint som under 2. Verdskrigen kom det ut småtrykk og epistlar om hennar liv og spådommar. Noko ekte bilete av henne finnes ikkje, vert det sagt. Ho motsette seg både måling og fotografering då det vart aktuelt kring 1860.

Christian Frederik fekk gifte seg med prinsesse Charlotte Frederikke. Det skjedde i juni 1806. Året etter fødde ho eit nytt barn, ein prins denne gongen, men han døydde etter berre nokre timar. Etter at dei flytta til København kom så sonen

Frederik (seinare kong Frederik d. 7) til verda i 1808, men det viste seg snart at ekteskapet ikkje kunne vare. Prinsessa la seg ut med alle i slekta hans, og fleire til. Det enda med skandalar alle stader der ho for fram, med lystløgner, aggressivitet, og annan galskap. Ho fekk for seg at ho skulle ta songtimar med den franske komponisten og operasongaren Jean Baptiste du Puy (Dupuy), som vitja København på den tida. Den eldste systera til Christian Frederik, prinsesse Juliane, dreiv privat overvaking, og måtte etter ei tid fortelje bror sin at songtimane hadde fått ein mykje meir intim karakter enn det som var påkravd for songundervisinga.[2]



*Fig 6 Frederik (d.7.), sonen til Christian Frederik og Charlotte Frederikke, den seinare Frederik d.7. av Danmark, 6 år gamal. Malt av Jacob Munch.*

Då gjekk det ikkje lenger. Operasongaren vart sendt ut av landet på berre nokre timars varsel, og prinsessa forvist til byen Horsens i Jylland. Året var 1809. Der heldt ho fram med det utsvevande livet sitt og stifta kvart år ny gjeld, trass i at ho framleis hadde ein apanasje som tillet både stor tenarstab og fyrsteleg levesett. Fyrst 19 år seinare gav kongen, Frederik d. 6., løyve til at ho kunne flytte frå Horsens. Då gjekk turen til Roma. Ho heldt fram på same måte som før like til ho døydde i 1840, året etter at den fråskilde mannen hennar, Christian Frederik, vart konge i Danmark.

Den einsame dottera i Åbenrå fekk ho aldri treffe så vidt vi veit. Sonen Frederik som vart oppfostra ved hoffet i København, fekk ho heller ikkje ha kontakt med så lenge han var barn. Men ho hadde rett til å få eit bilete av han kvart år, eit måleri eller ei teikning, for å kunne fylgje med i oppveksten hans. Først lenge etter at ho hadde fått flytte til Roma, og sonen var vorten kronprins, kom han på vitjing ein einaste gong.

## Christian Frederik vart statthaldar

I 1810, etter at skilsmissa vart offisiell, vart Christian Frederik sendt til Noreg som statthaldar. Her vann han snart ei høg stjerne som ein vennesæl og folkekjær mann. Då han kom til Eidsvoll i 1814, hadde han som nemnt ovanfor tinga seg eit årsmaleri av sonen prins Frederik. Offisielt var han det einaste barnet Christian Frederik hadde. Guten fylte seks år det året. Biletet vart levert av kunstnaren Jacob Munch dagen før Christian Frederik tok i mot kongevalet. Og dette biletet heng framleis i

Eidsvollsbygningen**.** Det er sagt at Christian Frederik hadde mange stille stunder framfor dette biletet, medan han tenkte på sonen som var att i København utan både mor og far. Ikkje slik å forstå at Christian Frederik vart noko dygdsmønster då han kom til Noreg. Han var en kvinnekjær mann som hogg både i allmenning og på privat grunn, men alt gjekk føre seg meir stillsamt og fredeleg med han enn med den fråskilde kona. I Christiania fekk han ei dotter med ei ung kvinne, kalla Kongemaren, men barnet døydde allereie før Christian Frederik måtte forlate Noreg hausten 1814.[3]



*Fig 6 B: Christian Frederik sin norske son, Frederik Carl Eide. (1815-1882) Biletet tyder på ein noko fastare karakter enn den faren og halvbroren, Frederik d.7, hadde. Det kgl. Biblioteks*

## Den norske sonen til Christian Frederik

Mykje meir veit vi om den sonen Christian Frederik fekk med Marie Brandvold.[4] Han vart fødd i mars 1815, og var såleis unnfanga rett etter forhandlingane på Eidsvoll året før. I dåpen fekk han namnet Frederik Carl, men faren var opplyst å være "Hansen, fråverande." Då mora seinare gifta seg fekk han etternamnet Eide, men Christian Frederik tok på seg farskapet og sendte regelmessig pengebidrag til mor og son gjennom spesielle kanalar. Seinare var dei på vitjing i København, og då guten var 12 år gamal (1827), flytta han til Danmark. Frå då av var det Christian Frederik som sytte for oppfostringa, og skaffa han utdanning som forstmann. Det kan godt seiast at mor og far til guten praktiserte ei form for delt omsorg. Som vaksen vart han forstinspektør på Ludvig Holberg sine gamle einemerker ved Sorø Akademi, seinare kongeleg hoffjegermeister og kammerherre. Han hadde nær tilknyting både til far sin og til halvbroren, prins Frederik, den seinare kong Frederik den 7. Han hadde fri tilgang til Christian Frederik, både før og etter at han vart konge (1839), og det er sagt at han var tilkalla og var til stades då kongen døydde i 1848.

Det var gått 5 år sidan skilsmissa frå Charlotte Frederikke då Christian Frederik vart vald til norsk konge av riksforsamlinga på Eidsvoll. Ingen i forsamlinga kom med merknader til den moralske framferda hans, korkje til det brotne ekteskapet eller til borna utanfor ekteskapet. I forsamlinga var det fleire prestar, mellom dei bergensaren Jonas Rein, og elles høyrde både biskopane Bugge i Trondheim og Nordahl Brun i Bergen til hans sterkaste støtter.

Det var truleg mange i Riksforsamlinga som visste om dei familiære problema til Christian Frederik. Nicolai Wergeland hadde skrive litt om dei, og i ettertid veit vi at slottspresten på Akershus slott, Claus Pavels, som to år seinare vart biskop i Bergen, skreiv om det i den kjende dagboka si. Når det likevel ikkje vart teke opp i Riksforsamlinga, var det nok fordi utsegna i den gamle kongelova om at kongen har det fremste hovud i heile landet, og ikkje kan klandrast for noko, hadde festa seg så sterkt i sinnet både hos leg og lærd, at ingen fann på eller hadde mot til å komme med kritiske spørsmål. Retten til forarging og kritikk retta direkte mot kongehuset måtte modnast noko meir før § 100 i den nye grunnlova, "Trykkefrihed bør finde Sted", fekk større praktiske resultat.

## Dotterdotter til dr Struensee som kronprinsesse og dronning

Då Christian Frederik kom tilbake til Danmark hausten 1814, etter eventyret på Eidsvoll, gjekk det berre knapt eitt år før han gifta seg på ny, denne gongen med Caroline Amalie av Augustenborg. Med henne fekk Christian Frederik ei kone med ein familiebakgrunn som var like merkeleg som hans eigen. Ho var dotterdotter til Struensee, den tyske hofflegen som 45 år tidlegare (omkring 1770) hadde teke over både statsmakta i Danmark-Noreg og den unge dronninga til kong Christian d.7., Caroline Mathilde. Dette visste alle ettersom Struensee vart dømt til døden i rettssaka etterpå, medan dronninga vart bortvist frå landet. Men barnet som var kome til verda, Louise Augusta, fekk vekse opp ved hoffet som prinsesse saman med halvbror sin, som no var vorten kong Frederik d. 6. Dei stod kvarandre svært nær også som vaksne, og no vart dottera hennar i tillegg gift med tronarvingen (kronprinsen).



*Fig 7. Frederik d. 6. (1768-1839) omlag 50 år gamal. Han styrte som kronprins frå han var 16 år gamal, men fekk den formelle kongemakta fyrst i 1808, då den sinnssjuke far hans, Christian*

Når det gjaldt giftarmål innanfor kongeslekta, var det alltid kongen som hadde det avgjerande ordet. Det var Frederik d. 6. som hadde forlangt at Christian Frederik skulle skilja seg frå fyrste kona si. Men mot dette nye giftarmålet hadde han ingen innvendingar. Brura var dotter til halvsyster hans, og tronarvingen som han sjølv hadde godkjend, var hans eigen halvfetter. Betre kunne det ikkje verte, korkje ut i frå ei familiær eller ei dynastisk vurdering, når han ikkje sjølv hadde søner som kunne ta over kongemakta etter han.



*Fig 8. Oberstinne Dannemand med tre av dei 4 borna ho hadde saman med kong Frederik den 6. Medan kongen mora seg i Wien i året 1815, bedrog ho han med ein spansk greve og fødde ei dotter. Ukjent kunstnar. Privat*

Når sant skal seiast hadde vel ikkje kong Frederik d. 6. noko godt personleg grunnlag for å stå som vaktar av moralen, korkje for resten av den oldenburgske kongeslekta eller for folket. Han hadde fleire år tidlegare ordna seg med ei fast elskarinne som budde berre nokre kvartal bortanfor Amalienborg slott. Ho fekk tittelen Oberstinde Frederikke Dannemand, trass i at det ikkje fanst nokon oberst Dannemand. Dei fekk fire born saman. På denne måten fekk Frederik d. 6. dei sønene som han så inderleg hadde ynskt seg, men med borgarleg mor var dei ikkje brukande i arvefølgja etter han.

## Elskarinna fekk statslønn i 77 år

Seinhaustes i 1814, på same tid som Christian Frederik kom attende til København etter eventyret på Eidsvoll, vart Wienkongressen opna. Der møttest sigerherrane for å rydde opp i Europa etter krigane mot Frankrike og Napoleon. Kong Frederik den 6. var ikkje beden med ettersom Danmark-Noreg hadde hamna på den gale sida i krigen, men han drog likevel til Wien. Statskassen var så tom etter statsbankerotten året før at kongen måtte låne pengar til turen for seg sjølv og fylgjet av embetsmenn og ministrar. Noreg var gått tapt for den danske krona ved Kielerfreden året før, men den danske delegasjonen klarte i alle fall å hindre at svenskane fekk setja seg fast også på den danske sida av Øresund.



*Fig 9 Då Frederik den 6. reiste frå Wien etter kongressen i 1815, gav den unge venninna hans, Caroline Seuffert (1798-1891), han dette miniatyrbiletet av seg sjølv, malt av K. Agricoli 1814. Ho fekk til gjengjeld dansk statslønn til ho*

Vart ikkje dei politiske vinstane serleg store, kunne den 47-årige kongen dess meir eigne seg til dei store festane og til det lausslupne livet som Wienkongressen seinare er vorten så kjend for. Den 17 år gamle skodespelarinna, Caroline Seuffert (1798-1891) vart snart ei nær venninne, så nær at kongen lova henne ein apanasje for heile livet. Det vart en dyr lovnad for den danske statskassen. Ho fekk utbetalt dansk statsløonn til ho døydde 93 år gamal i 1891.



*Fig 10 Først i 1839, 25 år etter storhendingane på Eidsvoll, vart Christian Frederik konge av Danmark under namnet, Christian*

Då det vart klårt at kong Frederik d. 6. ikkje fekk ektefødde søner, hadde han akseptert Christian Frederik som tronarving (ca 1810), men under atskilleg tvil, og tvilen vart ikkje mindre etter hendingane på Eidsvoll. Kunne ein lita heilt på ein tronarving som nyleg hadde vore med på å gjere Noreg til eit sjølvstendig monarki med seg sjølv som konge, og som hadde gitt Noreg den mest demokratiske forfatninga i heile Europa? Han gav sjølv svaret ved å halde Christian Frederik på ein viss avstand frå statsstyringa. Såleis vart Christian Frederik, statthaldar og seinare konge i Noreg, sett til å vere guvernør på øya Fyn, med Odense som hovudstad. Der kunne han roleg vente på at det skulle verte hans tur til å verte konge i Danmark, medan han brukte tida si på dei kunstnarlege og vitskapelege interessene som han hadde mange av. Han reiste mykje i utlandet, og budde i lange periodar i Roma. Der tok han i mot og hjelpte fleire av dei fremste danske kunstnarane, som målaren C. W. Eckersberg, men óg den vidgjetne nordmannen J. C. Dahl frå Bergen, som i 1824 vart utnemnd til professor i målarkunst ved akademiet i Dresden.



*Fig 11 Caroline Amalie (1796-1881) var andre gemalinna til Christian Frederik, og vart dronning då han vart konge. Ho var dotterdotter til hofflegen, dr. Struensee som vart halshogd i 1772 for sitt altfor nære samkvem med den unge dronninga, Caroline Mathilde som såleis var*

Først i 1839 vart Christian Frederik konge i Danmark under namnet Christian d. 8. No vart han einevaldsherskar, slik som forgjengarane i Danmark-Noreg hadde vore heilt frå 1660. Ekteskapet mellom Caroline Amalie og Christian Frederik var harmonisk, og det vart ein vekstperiode for heile Danmark, men kongeparet fekk ikkje born saman. Dei hadde vona at dei skulle få ein eller fleire eigne prinsar som kunne tre inn i arverekkja før sonen Frederik (d. 7) frå Christian Frederik sitt fyrste ekteskap. Han var like merkeleg i sin levemåte som mor si, og mange meinte han eigna seg lite til å verte konge. Men han vart likevel den som gav Danmark ein demokratisk grunnlov i 1848. Han vart "Grundlovens giver."

Frederik d. 7. døydde i 1863 utan etterkommarar, trass i tre ekteskap. Han gifta seg fyrst i 1828 med Vilhelmine, yngste dottera til kong Frederik d. 6. Det var eit forsøk frå kongen si side på å sikre arveretten til trona innanfor slekta ved å smelte saman to liner av slekta Oldenborg. Eit storslegent bryllaup vart halde på det nyoppførte Christiansborg slott, og ei eiga festframsyning vart vist på Det kgl. Teater, skrive for det same høvet.5 I ballettpartiet fekk prinsen for fyrste gong sjå den berre 13 år gamle danseeleven, Louise Rasmussen. Nokre år seinare vart ho ei slags erotisk felleseige mellom han og den gode vennen hans, boktrykkjar Carl Berling, inntil Frederik som konge gifta seg med henne i 1850.



*Fig 12 Prinsesse Vilhelmine (1808-1891) vart [1828] fyrste kona til prins Frederik, tronarvingen, som frå 1848 vart kong Frederik d. 7. Ho var den yngste av dei to døtrene til kong Frederik d.6. Biletet viser at både ho og systera Caroline hadde kvite augehår, likesom far sin, og som han vart dei båe to sterkt tunghørte på sine eldre dagar. Ingen av dei fekk born. Det kan ikkje utelukkast at denne*

For å sikre samhaldet mellom de to greinene av kongeslekta enno betre, bestemte kongen, som framleis var Frederik d. 6., at eldste dottera hans, prinsesse Caroline, skulle giftast med prins Ferdinand (1792-1863), ein yngre bror til tronarvingen Christian Frederik. Det skjedde i 1829, utan at det var noko hinder at prins Ferdinand alt hadde to døtrer med jomfru Marie Clausen, ei høkerdotter frå indre København. Ho hadde søkt audiens hos kongen og sjølv fortalt han det, og Ferdinand hadde vedgått at det var hans barn.6 Det må seiast at prins Ferdinand tok vel vare på dei to døtrene og mor deira, også i testamentet sitt. Trass i at dei ikkje fekk barn saman, og trass i at det snart viste seg at han leid av spelegalskap med gjeld som gong på gong måtte utgreiast av kongelege slektningar, vart ekteskapet mellom Caroline og Ferdinand lukkeleg.

Det nye ekteskapet til prins Frederik heldt heller ikkje lenge. Både i sinn og skinn var han ein tru kopi av mor si. Han oppførte seg så tarveleg mot kona si med utruskap, fyll og skræmeleg framferd at kongen måtte bortvise han, sin eigen svigerson, frå København, slik han tidlegare hadde bortvist mor hans. I 1834 gjekk ferda til Island og Færøyane for nokre månader. Deretter vart han i fem år forvist til Fredericia, ein garnisonsby på austkysten av Jylland, før han fekk lov til å busette seg på Odense slott hos far sin, kronprinsen, guvernøren på Fyn og gemalinna hans. I 1837 vart prinsen og kongsdottera lovformeleg skilt, og ein var ikkje kommen eit einaste steg vidare med å sikre den kongelege arvefølgja.

## Andre ekteskapet til kronprins Frederik / kong Frederik d. 7.

Då Frederik d. 6. døydde, og Christian Frederik vart konge i 1839 (Christian d. 8.), la han seg straks i selen for å finne ein ny ektemake til sonen Frederik, frå no av kalla kronprins Frederik. Diplomaten grev Reventlow vart sendt ut for å finne den rette prinsessa. "Kom ikkje att utan brur, kor du elles kan finne henne", var bodskapen frå kongen. Ferda gjekk til dei mange små nordtyske hertugdømma. Det var for det meste der Danmark tradisjonelt hadde henta dronningane sine, og det var der hoffet i København fann gode gemalar til sine overskytande prinsesser. Såleis vart prinsesse Vilhelmine, den første gemalinna til kronprins Frederik, gift med syskenbarnet sitt, hertug Carl av Glücksburg, allereie året etter skilsmålet frå kronprinsen.

Frå grev Reventlow kom tilråding til kongen om at prinsesse Marianne av Mecklenburg-Strelitz (1821-1876) var beste valet som ny gemalinne for kronprinsen. Korkje han eller ho fekk ta del i valet av ektemake, og ho hadde aldri sett kronprinsen før bryllaupet. Det var eit politisk val. Han skreiv i dagboka si sumaren 1840 at han no hadde gjort det størst mogelege offer, nemleg å love far sin, kongen, at han skulle gifte seg på ny. Det skjedde i juni månad året etter (1841), men heller ikkje dette ekteskapet fekk lang levetid. Kronprinsen heldt fram det utsvevande leveviset, og ho kunne ikkje tilpasse seg hans måte å leve på. Sommaren 1844 var det komme så vidt at ho drog åleine på ferie til foreldra sine i Neu-Strelitz, og nekta deretter å vende tilbake til København. To år seinare vart ekteskapet formelt oppløyst. Prinsesse Marianne vart ikkje gift på ny. Ho fekk ein livsvarig apanasje på 16 000 dalar om året, men ho vitja



*Fig 13 Marianne av Mecklenburg-Strelitz (1821-1876). Tjue år gamal vart ho i 1841 andre gemalinna til den 33-årige kronprinsen, seinare kong Frederik (d.7.)*

København berre ein einaste gong til, nokre år etter at den tidlegare gemalen var død.

Sanninga var at kronprinsen i alle år heller ville ha teke ballettdanserinna Louise Rasmussen til ektemake. Opphavleg var ho kjæraste med kronprinsen sin venn Carl Berling, og dei to hadde ofte vore på vitjing hos den einsame kronprinsen i den tida han var forvist som militær kommandant i Fredericia og Odense. Det utvikla seg til ein trekant der ho heldt vedlike eit kjærleiksforhold til begge dei to mennene. Sommaren 1841, om lag samstundes med at kronprinsen gifta seg andre gongen, noko ho sjølv hadde råda han til, fekk ho ein son som Berling var far til. Han vart oppkalla etter heile trekanten, og i tillegg fosterfaren. Han fekk namnet Frederik Carl Christian Louis Jacobsen (1841-1908). Guten vart først oppfostra hos pleieforeldre i Danmark. Seinare flytta han til England, der han fekk god landbruksutdanning, og vart buande resten av livet som stor godseigar. Han fekk engelsk borgarskap i 1894, og døydde ved ei bilulukke i London i 1908. Først etter at Frederik d. 7. var død, hadde mor og son kunna treffast igjen, men det måtte skje utanlands og etter avtale på førehand.

Frederik d. 7. vart ein folkekjær konge trass i alle dei merkverdige påfunna. Den folkelege framferda med drikk, halloi og kvinnehistorier vart akseptert av dei jamne lag av folket. Likevel var det sjølvsagt den demokratiske grunnlova av 1848 og sigeren i treårskrigen mot opprørarane i Slesvig-Holstein (1848-1851), som gjorde han til ein verkeleg folkekonge.



*Fig. 14 Frederik d. 7. eksellerte i hattar og huer av alle slag. Her er han i kledeleg aluminiums-hjelm. Gjester til kongen fekk pålegg om kva dei skulle ha på hovudet. Litografi frå 1850-åra.*

Det var i denne krigen dei tre nordmennene, oberstløytnant Hans Helgesen og generalane Olaf Rye og Frederik Schleppegrell, utmerkte seg ved sitt personlege mot og store leiareigenskapar. Alle tre hadde som unge offiserar vore med i 1814, i krigen mot Carl Johan og Sverige til forsvar av Eidsvollgrunnlova med Christian Frederik (Christian d. 8.) som norsk konge. Etter den krigen ville dei ikkje gje truskapsløfte til Carl Johan, den nye svensk-norske kongen, og drog i staden ut i verda som krigarar. Helgesen og Schleppegrell var med på prøyssisk side i slaget ved Waterloo. No stod dei saman med sonen til Christian Frederik for å forsvare den nye danske konstitusjonen. Olaf Rye miste livet då han leda utbrotet frå Fredericia,

men han vann ein avgjerande siger. I det sigrande slaget ved Isted, året etter (1850), var både Helgesen og Schleppegrell med. Schleppegrell fall. I våre dagar finn vi att alle "de tre norske graner" som danskane kallar dei, som gatenamn i dei fleste danske byar.

## Tredje ekteskapet til kong Frederik d. 7.

I 1850 vart dansarinna Louise Rasmussen den tredje kona til kong Frederik. Ho måtte kjempe heile livet for å verte godteken av dei mest framståande krinsane i folket og adelsskapet. I hoffet lukkast det aldri. Christian d. 8., far til kronprins Frederik, måtte ta i bruk det vesle norske ordforrådet sitt for å fortelje kvifor han ikkje tykte om henne: "Ho er så forbandet styg," sa han.7 Først etter at Christian d. 8 var død, og Frederik sjølv vart konge (d. 7.), fekk han trumfa gjennom giftarmål med henne. I den jamne ålmenta utover landet derimot vart ho svært populær, etter kvart som folk forstod at ho hadde spela ei viss rolle som rådgjevar for kongen i den demokratiseringsprosessen som fann stad i kong Frederik d. 7.`s regjeringstid. Eit av dei midla ho brukte for å vinne akt og aksept var å vere den som tok seg av berømte kunstnarar som vitja København. Såleis også den store bergensaren, fiolinisten Ole Bull, som vart beden med på ridetur samman med henne og kong Frederik. Då var det ho og kongen som berga livet til Ole Bull då den røseleg hingsten Nero slo seg vrang.



*Fig 15. Grevinne Danner, tredje gemalinna til kong Frederik d. 7. Var altfor stor og grovvaksen til å verte ei framståande ballettdanserinne. Prøvde seg som motehandlar for det høgare borgarskap, men gjorde størst lukke som kjæraste for Carl Berling, og til slutt som*

Biskopen i København fekk mykje kritikk då han gjekk med på å vie henne, under namnet grevinne Danner, til kongen. Rett nok var det berre til kongen si venstre hand. Det innebar at eventuelle barn ikkje ville verte eigentleg kongelege, og dei ville ikkje få arverett til trona. Biletet nedanfor vart teikna i 1872, omlag 10 år etter at Frederik d. 7. døydde, då ryttarstatuen av han vart avduka framføre Christiansborg slott, der han enno er å sjå. Ved hoffet var motviljen mot grevinne Danner framleis så sterk at ho ikkje fekk sitje i samme gemakket som dei kongelege, men fekk plass i eit rom for seg sjølv. Vi ser henne åleine i vindauget heilt til venstre. Det var den siste vondskapen dei fekk påført henne før ho døydde året etter.[8]



———————————————————————

1  Bramsen, Bo: Ferdinand og Caroline. Politikens Forlag. København 1969
2 Krarup, Rie :  Kvindelist og kongelast. Blide duer og stride fruer i Danmarkshistorien. København 1985.
3 Dunker, Conradine B.: Gamle  Dage. Erindringer og Tidsbilleder. Kristiania og København 1909
4 Langslet, Lars Roar: Christian Frederik. Konge av Norge (1814) Konge av Danmark (1839-48). J. W. Capellens Forlag.
5  "Elverhøj" av Johan Ludvig Heiberg
6  Bo Bramsen s. 142
7 Neiiendam, Robert: Grevinde Danner. København 1970

## *Synøve Bringslid:*

# "…født i dølgsmaal og formentlig dræbt af Moderen…"

## Spor i arkiva etter liv, død, levekår og lagnad

Når ein arbeider med arkiv, hender det at ein kjem over dramatiske hendingar i enkeltpersonar sine liv. Ofte kan det vere ei enkelt setning som vekker interesse, slik som i kyrkjebok for Askøy 6. februar 1853, der det står under døde: *"Et drængebarn."* Under rubrikken *"om døden"* står det *: " født i dølgsmaal og formentligen dræbt af Moderen Sophie Hetlevig strax efter fødsel."* [1]

Eg vil i denne artikkelen forsøke å gje eit bilete av kva som hende før og etter at dette dødsfallet vart ført inn i kyrkjeboka. Eg vil fortelje livshistoria til denne kvinna, samtidig som eg omtalar dei arkiva og registra som eg skaffar meg informasjonen frå.

## Rettargang

Etter ei slik skulding må det har vore halde rettssak, og det er derfor naturleg å gå til rettsbøkene: I Ekstrarettsprotokoll for Midhordland for 1853, finn vi saka som justissak nr 10 /1853 og i domsaktene finn vi tiltalen mot Sophie Olsdatter Hetlevik.:*" Under 1 ste denne Maaned har Søndre Bergenhuus Amt undergivet Enken Sophie Olsdatter Hetlevik Justitiens tiltale for at have født sit uægte Barn i Dølgsmaal og derved forvoldt dets Død…*"[2]

Her får vi opplysningar om at ho var enke. Spørsmål som straks melder seg er kven faren til det døde barnet var, kven var mora gift med før ho vart enke, og hadde ho barn frå før?

Sjølve saksdokumenta til rettsaka er omfattande og detaljerte, men vi går direkte til dommen 8.april 1853 for å forsøke å få svar på ein del spørsmål:

> *…" Pagterkone Sophie Olsdatter Hetlevik der efter eget Opgivende og fremlagte Presteattest er 38 aar gl. 2 aar har været Enke og i den Tid nydt Understøttelse af Fattig Commissionen, samt ved sin afdøde Mand har avlet 9 Børn, hvoraf 7 lever. Tiltales efter Amtets Ordre af 1 ste fore. Md. for at have født sit uægte Barn i Dølgsmaal og derved forvoldt dets Død; og ved Hendes egen Til staaelse corpus delicti og Sagens øvrige Oplysninger er det godtgjort at Hun efterat være besvangret af gift Mand Ole Andersen Birkeland, der lever adskilt fra sin Kone, og i 2 Sommre har bestyret*

*Gaardsbruget for Tiltalte, og efter stadigen at have nægtet denne sin Tilstand, Natten til 6 Febr. s.a. i Enerum og uden at Søge Hjælp, som hun let Kunde faaet i Nærheden, fødte et Drengebarn, der senere blev fundet dødt nedlagt i Hendes Seng, og efter afholdt Obductionsforretning af Lægen er erklæret at Have været Fuldbaaret og at have levet udenfor Morens Liv, samt at være død som Følge af en voldsom Hindring for Luftens fri Indtrængen i Lungerne …"*[3]

## Familieforhold

Dommen viser at Sophie var pakterkone på 38 år, og hadde vore enke i to år. Ho hadde fødd 9 barn tidlegare og faren til det tiande barnet var ein mann som heitte Ole Andersen Birkeland og som hadde styrt gardsbruket for henne etter at ho vart enke. Han var gift, men levde ikkje

saman med kona si lengre. To barn fra Sophie sitt første kull var døde, og det tiande barnet døde ved fødselen. Gardsbruket gav så lite inntekt, at ho hadde fått stønad frå fattigkassa etter at ho vart enke.

For å finne namnet på den døde ektefellen, går vi tilbake til kyrkjeboka. I kyrkjebok for presten på Askøy 1842-1852, er det berre ein mann som er død i 1851 og som har bustad i Søndre Hetlevik og det er "*Pagter Andreas Martinius Nilsen 36 aar gamal*." Under dødsårsak er det ført opp: "*Omkom paa Søen i Nærheden av Drotningsvig. Liget er ikke funnet*."[4] Livet var hardt og brutalt.

For å få vite meir om forhistoria, vil vi undersøke når Sophie og Andreas gifta seg, og når barna vart fødde. Kyrkjebøkene for vigde på Askøy er registrert på data og når vi søker på førenamna til dei to, får vi opp at dei gifta seg 26. desember 1835. Sophie heiter her Ane Sophie Olsdatter og er fødd i Alvøen, Andreas er frå Søre Hetlevik. Alder på brudgom er 20 år og alder på brud er 21.

For å finne opplysningar om barna til Ane Sophie og Andreas, går til registeret for fødde på Askøy. Det er utarbeidd register etter førenamn og farsnamn. Vi brukar farsnamnsregisteret og finn desse barna: Sivert Olai f. 4. november 1836, Nielske f. 18. januar 1838 (død 17/6 1838), Petrikke Serene f. 25. august 1839, Ole Martines f. 5. august 1841, Magne f. 17.juli 1842, Martinius Andreas f 6. juni 1844, Henrich f. 1.september 1845, Nielske Marie f. 10. september 1847, Jørgen f. 16. februar 1850.

## Melding til "øvrigheten"

Dommen fortel at alle dei sju barna var heime den natta Sophie fødde det siste

barnet. Av forhøyret 17.februar 1853 går det fram at det var Søren Hansen Hætlevik, som anmeldte Sophie. Han var nabo og gift med jordmor Ingeborg Nilsdatter. Ingeborg hadde ved fleire høve prøvd å få Sophie til å tilstå at ho var gravid, men ho hadde alltid nekta. Ingeborg hadde tatt imot dei andre barna hennar og då Sophie ikkje ville tilstå, informerte ho ein av medlemmane i fattigkommisjon og presten om mistanken ho hadde. Sophie hadde fått fattighjelp etter at ho vart enke, og no stod ho i fare for å miste denne. Jordmora ville presse henne til å tilstå fordi ho var redd Sophie "*…kunde have galt i sinde…"*

Det kjem fram i forhøyret at etter at Sophie hadde fødd 6. februar, ba Ingeborg med seg fire kvinner bl.a. Sophie si søster Malene Olsdatter, og svigerinna Malene Christopherdatter og gjekk til Sophie for å få ho til å tilstå. Dei fann det døde barnet i senga hennar og i obduksjonsrapporten står det: *"Nedgravet i Halm og indesluttet i et hvidt Linned under Hovedgjærdet.."* [5] Funnet vart meldt til futen 9. februar.

Då Sophie vart forhøyrd, tilstod ho fødselen, men nekta for at ho hadde drepe barnet. Ho meinte at ho ikkje hadde kjent teikn til liv dei siste dagane før fødselen og at ho under fødselen hadde svima av og kanskje komme i skade for å ha kvelt barnet. Ho høyrde ikkje barnet skrike og brukte ikkje vald mot det. Dei andre barna hennar sov i stua, og fødselen gjekk føre seg på det mørklagt kjøkkenet.

> *"… Fødselen foregik derhos liggende paa Knæ foran Skorstenen, med Hovedet paa denne"… "Under sig bredte hun ud en liden Hødot"… "Hun forklarede, at Barnet, da hun fik det ud, var lunkent, men benægter vedblivende, at hun mærkede noget Liv hos det, og da hun fandt det dødt, lagde hun det ned i en Kiste og senere under Hovedpuden i Sengen"…" Som barnefader opgiver hun gift Mand Ole Andersen Birkeland, der lever adskilt fra sin Kone"… " Hun talte med ham førend han reiste paa Fisket om den forestaaende Fødsel, idet hun nemlig fortalte ham, at hun pleide at være saa Syg under Sine Fødseler, og derfor vidste hun vilde blive det også denne Gang, samt derfor ei vidste, hvordan hun skulde bære sig ad og yttrede han da, dog uden at sige noget om at hun Skulde drebe Barnet, at hun skulde Gjemme det, saa skulde han senere bringe Barnet paa Kirkegaarden"…" Aarsagen til, at hun nægtede Svangerskabet, var Skamfuldhed over, at hun var i saadan Tilstand…"* [6]

Dei to eldste barna vart avhøyrde. Eldste datter på 13 ½ år –Petrike Serinne Oline-svara at ho ikkje hadde høyrt noko den aktuelle natta og ikkje visste at mora var gravid. Ho hadde høyrd at jordmora skulda mora for å vere gravid, men trudde på

mora når ho sa det ikkje var sant. Sonen Sivert Olai, hadde heller ikkje høyrt noko og då han stod opp morgonen etter, stod mora i kjøkkenet og kokte kaffi.

Barnefaren, Ole Andersen Birkeland, var på fiskeri ved Utsira. Han hadde elles bustad hos foreldra sine på Birkeland i Fana. Avhøyret av han vart utsett. Etter avhøyret fann ein ikkje grunn til å tiltale han.[7]

## Dommen

Retten la vekt på at obduksjonsrapporten hevda at barnet hadde levd utanfor mors liv. Det vart også brukt mot Sophie at ho ikkje hadde laga til barneklede. Slutten av dommen har fått denne ordlyden: "*Tiltalte Sophie Olsdatter Hetlevik bør for at have født sit uægte Barn i Dølgsmaal i den Hensigt at det skulde omkomme, og derved bevirket dets Død, at hensættes i Strafarbeid i 10 –ti Aar…*"[8] Ho vart også pålagt å betale sakskostnadane på 6 Spd. Bergen Stiftsoverrett stadfesta dommen 9. mai 1853.

Dette kan sjåast på som ein streng straff, men før kriminal-lova av 1842, var straff for denne typen lovbrot dødsdom; "…at miste sin Hals og Hoved at sættes paa en Stage." [9] Men desse straffene vart sjeldan eller aldri utført i praksis på 1800-talet. Dødsdommane vart gjerne anka inn for Kongen og ofte omgjort til tukthus på livstid.

## På tukthuset

Går vi til arkivet etter Bergen Straffeanstalt får vi eit tydelegare bilete av Sophie. Då ho vart innskreven i protokollen "Lemmenes til – og avgang," står det at ho av utsjånad hadde blå auge, lyst hår og var middels bygd, og i register over fanger ved Bergenhus Festning- slaveriet 1838-1885 (innsett nr 1326) får vi opplysningar om kva ho hadde på seg:

> *" Sophie Olsdr. Hetlevig indkom den 27de Mai og var iført 1 blaa Spettetrøie 1 stribet Førklede 1 graa sprængt stoffens Skjirt 1 graat U. do. 1 par Uldstrømper 1 par Læderskoe 1 brun og blaastribet setsers Dug i hvid Bomuld 1 hvid Bomulds do. 1 hvidt U. Liv 1 Bomuld Særk 1 Skakkeklede og 1 rød sertsers Hue 1 flerbaandet Sølvfingering.*

I arbeidsprotokollane for Bergen Tugthus får vi innblikk i kva Sophie arbeidde med då ho sat inne. Ho vart sett til spinning av lin, stry og hamp eller tvinning av garn. Det første året vart Sophie sett til var å spinne hamp. Ho spann 6-9 Lispund hamp

per veke.( 1 Lispund er i underkant av 500 gram) Sidan spann ho mykje stry og lin.

Sophie sat 9 ½ år i Tukthuset. Ho fekk nåde av kongen 15. november 1862 og vart lauslaten 3. desember 1862, - eit halvt år før tida.

## Barna

Då Sophie kom på tukthuset, hadde ho 7 barn i alderen frå 3 til 16 år. Er det muleg å finne ut kva som hende med barna og kven som tok seg av dei?

I kyrkjeboka for konfirmerte på Askøy i finn vi at den eldste dattera til Sophie, Petrikke Serene Oline, vart konfirmert 8. oktober 1854. Som karakter er oppført: *"Meget god kunnskap, flid og opførsel."* Namna til begge foreldra er ført inn i kyrkjeboka, men det finst ingen opplysningar om bustad og omsorgspersonar.

På 1850-talet var det ikkje halde folketeljing der vi får alle personnamna. Det får vi først i 1865, og då er mora allereie slept fri frå tukthuset. Men i 1865-teljinga finn vi Martinus Andreas som ugift



*Ei liknande klesdrakt hadde Sophie på seg då ho kom til tukthuset i 1853. (Knud Knudsen, UBB-billedsamling:*

tjenestekarl på Totland i Fana og i 1875-teljinga finn vi Ole Martin(es) som ugift logerande sjauer på "Stykket i Gravdal."

Sivert Olai finn vi igjen i registret over vigde. Han gifta seg 25. nov. 1860 med Berthe Serene Arnesdat. Alvøen. Sivert Olai døde 8. mars 1872. Nilske Marie gifta seg med Tolef Andersen på Laksevåg 11. oktober 1869. Det ser ut til at det går nokonlunde bra med barna, men kven som tok seg av dei etter at faren var død og mora kom på tukthus, er vanskeleg å spore på 1850-talet. Vi kunne ha lagt meir arbeid i det ved å leite i kyrkjebøkene etter konfirmasjon, giftarmål osv. men det blir for tidkrevande i denne samanheng. Det går fram av rettsdokumenta at Sophie hadde ein del familie buande rundt seg; både ei søster og ein bror med familiar. Truleg var det familien som tok hand om barna.

Kvar vart det av han som var far til det døde barnet, Ole Andersen Birkeland? Det stod i avhøyret at han ikkje levde saman med kona si, men heime hos foreldra på Nordre Birkeland i Fana. Kyrkjeboka viser at han gifta seg 2. februar 1840 med Martha Olsdatter Skiold. Vi finn eitt barn: Anders Olai f. 14.juli 1841. Då han vart konfirmert budde dei på Nordre Birkeland.

## Livet etter tukthuset

Korleis gjekk det med Sophie då ho kom ut av tukthuset i desember 1862 ? I folketeljinga i 1865 finn vi ho igjen som "Sofie Olsdatter, tjener og enke, 51 år på bruket Søvik under garden Birkeland i Fana (matr. nr 109). Ein kan spekulera på kvifor ho tok seg teneste på Birkeland i Fana. Barnefaren var frå Nordre Birkeland. Var det han som hadde skaffa henne dette arbeidet, eller var det tilfeldig at ho hamna der? Dette kan vi ikkje svare på, då vi ikkje har kjelder som fortel noko. Vi greier heller ikkje å finne Ole Andersen i 1865-teljinga, men han kan ha reist på sjøen. Ti år etter, i 1875, har Sophie flytta tilbake til heimtraktene og vi finn ho som "tyende" i Loddefjord på gnr 11 hos pakter Elisabeth Olsdatter (f.1825). Som ein av sine naboar hadde ho fått jordmora Ingeborg Nilsdatter som var den som var mest aktiv for å få Sophie til å tilstå drapet. I forhøyret kom det mellom anna fram at Sophie skulle ha sagt at ho ikkje ville sjå Ingeborg i sitt hus.

Verken i 1865 eller 1875 bur Sophie saman med nokon av barna sine.

Sophie døde 24. august 1897 i Alvøen /Søndre Hetlevik. I dødsmeldingslista er ingen arvinar førte opp, men det står at Sophie var legdslem, dermed var det ingenting å arve for etterkommarane.

## Avslutning

Arkiva er innhaldsrike, og gjev oss innsyn i liva til forgjengarane våre. I kjelder som kyrkjebøker og folketeljingar får ein konkrete opplysningar om namn, alder, kjønn, fødsel, dåp, konfirmasjon, vigsle og død. Ein del av desse kjeldene er dataregistrerte og dermed lettare tilgjengelege enn før. Rettssaker med vitneavhøyr og dom er ei anna type kjelde med meir detaljerte opplysningar rundt ein sak og personane som er involverte. Fengselsarkiv gje oss eit bilete av dei innsette og forholda dei levde under. Eg har i denne artikkelen brukt berre nokre få kjelder, og det er meint som eit døme på kva som er muleg å oppspore i statleg arkivmateriale og som inspirasjon til våre brukarar til å forsøke å leite etter livshistorier i arkiva.

## Kjelder:

**Kyrkjebøker:**

Kyrkjebok for presten på Askøy A8 1852-1862
Kyrkjebok for presten på Askøy A7 1842-1852
Kyrkjebok for konfirmerte på Askøy A10 1845-1854 (1854)
Dataregister over kyrkjebøker for vigde på Askøy 1742-1911 (Digitalarkivet)
Dataregister over kyrkjebøker for døpte på Askøy 1742-1911( Papriutskrift)
Dataregister over kyrkjebok for Fana 1712-1841, vigde (Digitalarkivet)
Kyrkjebok for døpte i Fana A8 1829-1851 (1841)
Kyrkjebok for konfirmerte i Fana A 11 1851-1862

**Rettargang:**

Ekstrarettsprotokoll for Sorenskrivaren i Midhordland C.b. 2 1852-1854, 17. februar, 5. mars, 11. mars, 19.mars (fol. 80, 88b, 90b, 91,94)
Domsprotokoll for Sorenskrivaren i Midhordland, G.a. 1 1848-1856, 8. april (fol. 144b)
Domsprotokoll for Bergen Stiftsoverrett, C. 17, 9. mai 1853 fol. 342
Domsakter over kvinneleg fangar i Bergen Tukthus nr. 569, boks 17( Avhøyr 17. februar, 5 .mars,11.mars, 17. mars, dom ved stiftsoverretten 9 .mai 1853, brev frå Bergen Stiftsdireksjon til Direktøren for Bergen Tukthus 29. nov. 1862)

**Bergen Straffeanstalt**

Lemmenes til- og avgang nr 17 vol. 22, 1849-1878, innsette nr. 1326
Register over fanger ved Bergen Festning Slaveriet, Tukthuset 1838-1885. (Trondheim Kretsfengsel, Fengselsbestyrereren Lnr. 2)
Arbeidsprotokoll for Bergen Straffeanstalt nr 16, 17, 18 og 19.

**Folketeljingar**
Dataregister over folketeljingar 1865 (Digitalarkivet)
Dataregister over folketeljingar 1875 (Digitalarkivet)

**Sorenskrivaren i Midhordland**
Dødsmeldingslister for Askøy (Laksevåg) 24. august 1897. K.a.5.

---

1 Kyrkjebok for presten i Askøy A8 1852-1862 fol. 207 nr. 9
2 Domsakter. Avhøyr og stemning 11. mars 1853
3 Domsprotokoll for Sorenskriveren i Midhordland G.a. 1 1848-1856 8. april fol. 144b
4 Kyrkjebok for presten i Askøy A7 1842-1852 fol 31 nr 5
5 Ekstrarettsprotokoll for Sorenskrivaren i Midhordland C.b. 2, 17. februar, sitert frå obduksjonsrapport frå lege 12. februar.
6 Ekstrarettsprotokoll for Sorenskriveren i Midhordland C.b 2 , avhøyr 17. februar
7 Do. Avhøyr 11. mars.
8 Domsprotokoll for Sorenskrivaren i Midhordland G.a. 1 1848-1856 fol. 144b

# *Runar Jordåen:*
# "en Schammelig viße"
# Om "ergi", sodomi og homoseksualitet[1]

## Berite og Berite

På hausttinget for Kinsarvik i Hardanger 15. oktober 1664 vart Michel Østensen Vrimb, Ommund Østensen Vrimb og ei Berite som var tjenestejente hos Kietill Midnes stevna for *»en Schammelig viße dj Schall haffue digtet om Jacob Lundterneß*[2] *dater Nafnlig Berite och Berite Enderßdatter»* (dei to sistnemnde kjem til å referest til som Berite Jacobsdtr. og Berite Endersdtr).[3] Visa vart herma på tinget, og vart karakterisert som *»vßømmelig»*. Dei tre vedkjende seg å ha dikta visa, men på tinget framstod også ein Lauritz Indere Alsagger som sa at han *»haffue hørt det af Erich Aßlachsen at pigerne er Sell arsagge der vdj at pludzelig haffuer Sig med huerandre.»*[4] Av dette kan me slutta at visa må ha handla om at Berite og Berite har hatt eit seksuelt forhold. Påstandane frå Lauritz Indere Alsagger førte til at saka måtte utsetjast og at den nemnde Erich Asslacshsen måtte verta avhøyrt ved eit seinare ting.

Å komma med slike påstandar som dei tre hadde gjort var ifølge fogden å straffa »som andere Jomfru krenchere» eller/ og ved »at Lide til kaget».[5] Korleis det enda veit me ikkje; tingboka for 1665 er diverre gått tapt og heller ikkje fogderekneskapa for denne perioden eksisterer. Kva avhøyret av Erich Aßlachsen førte til er såleis uvisst. Om det ikkje vart prova at dei to kvinnene hadde hatt eit seksuelt forhold, kunne dei tre ryktespreiarane venta seg den av fogden skisserte straffa. Om det derimot viste seg at dei hadde hatt eit slikt forhold, og dei vart kjende skuldige i sodomi ville dei i verste fall kunna venta seg å verta brende på bålet. Det siste skjedde *ikkje*, Berite Jacobsdatter Lundterness var i live i 1671 (ho fødde ein son det året).[6]

Kjelder som kan seia noko om synet på seksualitet og kjærleik mellom personar av same kjønn er særs sjeldne i Noreg og Norden i denne perioden. Utfallet av denne saka kunne såleis vore ei verdifull kjelde. Me veit ein del om korleis slike handlingar vart omtala i lovverk og nokre ganske få handhevingar av forbodet mot likekjønna seksuell omgang, noko som kanskje kan hjelpa oss til å forstå meir av korleis slike saker vart handsama. For å skjøna litt meir av kva denne typen skuldingar innebar må me også undersøka korleis forhold mellom personar av same kjønn vart oppfatta i teologi og folketru. Eg vil i denne artikkelen argumentera for at det dei siste 1000 åra har eksistert tre radikalt forskjellige måtar å gripa likekjønnsseksualitet på i Norge. Desse tre forståingsmåtane kan fangast opp i tre omgrep: *ergi*, *sodomi* og

*homoseksualitet.*[7]

## I. Ergi

I norrøn tid var *ergi* (substantiv), *argr* (adjektiv av det første) og *ragr* (omskriving av argr) av dei verste skjellsorda. Ergi kan omsetjast med »umandigheit» eller veikskap, og vart ofte nytta om at ein mann lot seg »bruka som ei kvinne» i ei seksualakt med ein annan mann, dvs. at han spelte den »passive» rolla.[8] Å skulda nokon for ergi var i norrøn tid den verste forma for *nid*, det vil seia æreskrenking. Samstundes vart den andre parten i ei seksuell handling mellom menn, den aktive parten, ofte ein gong ikkje rekna som niding, ei rekke historier frå sagalitteraturen syner at det berre var den som var argr som vart utsett for spott. Niden inneheldt alltid skuldingar om maskulin veikskap, og hadde i følgje arkeologen Brit Solli såleis indirekte eller direkte skuldingar om ergi i seg.

Kor alvorleg dette vart tatt kan ein sjå i Gulatingslova, der ein mann hadde rett til å drepa folk som kom med skuldingar om at han var argr:

> *Dei ordi som heiter fullrettsord,*[9] *det er det eine um ein mann segjer um ein annan karmann at han har født barn. Det er det andre, um ein mann segjer det er prova at hin har late seg bruka til utukt. Det er det tridje, um han jamnar han med ei merr eller kallar han tispe eller skjøkje eller jamnar han med noko hodyr. Då skal han bøta full rettsbot til han for det. Då kann han òg drepa den mannen som utlæg, til hemn for dei ordi som eg no har talt upp, um han tek vitne på dei.*[10]

At skuldingar om ergi blei tatt så ille opp må forståast i kontekst av vikingtidas og mellomalderens æresomgrep som var nær knytt til ein manns maskulinitet, hans evner som vernar av familie og ætt og som krigar. Sagalitteraturen har fleire døme på kor graverande det kunne vera for æra til ein mann å verta skulda for å vera ergi i eit kjønnsleg forhold med ein annan mann, samstundes som det tilsvarande var akseptabelt å vera den andre parten i forholdet. I følgje arkeologen Brit Solli var ergi heller ikkje i alle tilfelle sosialt uakseptert. Seidmannen var den religiøse vismannen i norrøn tid, og Odin vart sett på som den største seidmannen av alle. Samstundes vart seidmenn generelt og Odin spesielt kopla til ergi. Det kan synast paradoksalt at den største av gudane blei kopla til noko av det mest nedverdigande av alt. Brit Solli meiner seidmannen sto i ein særskilt posisjon som sette han utanfor dei normene som gjaldt for andre menn. Slik kunne seidmannen vera argr utan at det vart oppfatta som noko nedverdigande, medan andre menn for all del ikkje måtte få dette på seg.

I det førkristne norrøne samfunnet fanst det altså ikkje noko generelt forbod mot seksualitet mellom menn. Men i høgmellomalderen og seinmellomalderen var verdsbiletet frå vikingtida og den

norrøne mytologien under press. Gulatingslova sto i skjeringspunktet mellom den gamle og den nye tida. Dei ovannemnde forboda mot skuldingar om ergi må sjåast i kontekst av det gamle verdsbildet, men lovverket har også preg av den kristne tradisjonen. Gulatingslova inneheld nemleg også eit *generelt forbod* mot kjønnsleg omgang mellom menn, i den reviderte lova frå kring 1170 står:



> *Um to karmenn blandar seg med kvarandre og vert sannskyldige i det, då er dei begge ubotamenn. Men um dei nektar og det likevel går ord um det i bygdi, då skal dei nekta med jarnburd. Vert dei sannsaka, eig kongen helvti av godset deira, men biskopen eig helvti.*[11]

Medan ein i hedensk tid altså ikkje hadde hatt noko generelt forbod mot sex mellom menn, kom dette inn i Gulatingslova. Seksuelle forhold mellom kvinner er ikkje omtala i norrøne kjelder. Det er lite truleg at det fanst omgrep som såg slike forhold i samband med ergi. Det er i det heile tvilsamt om ein i norrøn tid hadde tankar om at likekjønnsseksualitet var eit særskilt fenomen og at kjønnslege relasjonar mellom menn og mellom kvinner på nokon måte var sider av same sak. Omgrepet ergi seier såleis ingenting om »homoseksualitet», berre at å innta ei særskilt rolle i ein seksuell relasjon mellom menn var nedverdigande.

## II. Sodomi

I høgmellomalderen vart forbod mot likekjønnsseksualitet innskrive i lovverk over heile Europa, og forbodet i Gulatingslova må skjønast som ein del av denne tendensen. I det norske samfunnet overlevde nok førestellingane om ergi i det folkelege medvitet lenge framover i tid, men dei vart gradvis erstatta av nye oppfatningar prega av den kristne tradisjonen.

Mellomalderhistorikaren John Boswell har dokumentert at kristendommen i den tidlege fasen og i tidleg mellomalder ikkje var eintydig negativ til seksualitet mellom personar av same kjønn.[12] Først i høgmellomalderen starta ei effektiv forfølging og eit større fokus på dette. På 11- og 1200-talet gjorde reformrørslene innan kyrkja (som m.a. hadde som mål å få bukt med utglidande moral blant presteskapet) sitt til å setja søkelyset på dette, samstundes som lovane i denne perioden vart meir omfattande.[13] Omgrepa *sodomi* og *omgang mot naturen* rydda seg ein viktig plass i den kollektive mentaliteten i høgmellomalderen og seinmellom-alderen. Det eksisterte ulike definisjonar av desse omgrepa, men i hovudsak femna dei om kjønnslege handlingar som ikkje medførte reproduksjon.[14]

Thomas Aquinas avgrensa på 1200-talet

sodomi til seksuell omgang mellom menn eller mellom kvinner.[15] Vanlegare var det likevel å definera sodomi som eit breiare spekter av ulovlege seksuelle handlingar. I sin kommentar til Carolina (Karl 5.s rikstyske straffelov frå 1533), skreiv hollendaren Jodocus Damhouder at bålstraff skulle nyttast mot dei som gjorde seg skuldige i sodomibrotsverk fordi desse brota vart straffa av Gud med alvorlege straffar mot heile samfunnet som tørke, krig og jordskjelv (jf. historia om Sodoma og Gomorra frå 1. Mosebok). Damhouder delte sodomibrotsverket i tre grupper: sjølvtilfredsstilling; omgang mot naturen mellom mann og kvinne eller mellom personar av same kjønn; og tilslutt omgang med dyr (bestialitet). Det første brotsverket skulle straffast med landsforvising, dei to andre med bålet. Til den tredje gruppa (omgang med dyr) rekna han dessutan omgang med hedningar og omgang med djevelen, fordi ein udøypt person var å likna med eit dyr.[16] Damhouder argumenterte utifrå moselova i tråd med lovtradisjonen i Europa på denne tida (den mosaiske lovtradisjonen).

I Magnus Lagabøtes landslov frå 1274 inngjekk ikkje noko forbod mot sodomi, men i erkebiskop Jon Raudes kristenrett vart seksuelle forhold mellom menn straffa med ubotamål (som i Gulatingslova) medan bestialitet skulle straffast med døden. Dette lovforbodet vart truleg lagt til grunn til erkebiskop Olav Engebrektson rømde landet i 1537 og reformasjonen vart innført.[17] Kristenretten var deretter ikkje gjeldande lenger, men det vart ofte dømd direkte utifrå moselova.

I Christian den femtes norske lov av 1687 var ein av paragrafane i kapittelet om »løsagtighed» formulert som følgjer: *»Omgængelse, som er imod naturen, straffes med bål og brand.»* (N.L 6-13-15).[18] Paragrafen var lik ein tilsvarande paragraf i den danske lova frå 1683, som truleg var utforma etter inspirasjon frå Carolina. Den knappe formuleringa heng i følgje den danske historikaren Wilhelm von Rosen saman med at ein ikkje ville nemna sjølve brotsverka, då ein såg på dette som noko som kunne oppfordra til brot.

Ei gjennomgang av saker i dansk høgsterett viser at ingen saker om



*Tingboka frå 1664 der tre ungdommar frå Kinsarvik vart stemna for den skammelege visa. Hardanger og Voss tingbok A. c. 2, 1664.*




sodomi mellom menn var oppe mellom 1666 og 1822.[19] Det finst likevel saker som ikkje har kome til Høgsterett. Wilhelm von Rosen omtalar ei sak frå 1628 som *kan* ha omhandla sodomi mellom menn, og ei sak frå 1663 der det vart starta etterforsking for eit forhold (ein veit ikkje korleis det enda).[20] Von Rosen omtaler også ei sak frå Norge, frå Valdres frå 1673-74. Kaptein ved Valdres kompani Jochum Frederik von Basse hadde i 1673 flykta frå Norge etter at det vart snakka om at han hadde hatt seksuelle forhold til soldatar. Kona ba statthaldaren over Norge, Ulrik Frederik Gyldenløve, om skilsmål om det viste seg at skuldingane stemte. Gyldenløve nedsette ein kommisjon som avhøyrde soldatane, og det kom fram at skuldingane stemte: von Basse hadde brukt sin autoritet som kaptein til å ha seksuell omgang med soldatar. Kona fekk skilsmål. Me veit ikkje korleis det gjekk med von Basse, men von Rosen meiner at det passa styresmaktene at han var flykta ut av landet; på den måten slapp dei ein offentleg rettssak og den merksemda om saka som ville følgja av det. Ei sak frå Voer-Nim herred på Jylland i 1744 stadfestar at styresmaktene helst ville unngå merksemd om denne typen saker. Herredsfogden var i saka usikker på korleis han skulle dømma, og sendte derfor eit brev til Danske Kancelli. Svaret vart utarbeida av Jens Severin Wartberg, juridisk ekspert ved kanselliet som slo fast at sodomittisk omgang berre skulle omfatta samleieliknande handlingar (forstått som anal penetrasjon). I den aktuelle saka var dette ikkje tilfellet og Wartberg meinte handlingane derfor ikkje var sodomi, men ein variant av den »onanittiske synd». Vidare hevda han at *»den største forargelse ved slige ting består efter mit og alle retsindiges begreb derudi, at de gøres bekendte»* [21], og at saka skulle vore ordna mellom soknepresten og dei involverte; han kunne på ein diskret måte ha forklart det syndige i handlingane, straffa, formana og søkt å dempa ryktet. Etter tilråding frå Wartberg vart også straffa i denne saka mild.

Saka viser at styresmaktene helst såg at denne typen saker ikkje vart undersøkt offentleg, Wartberg meinte tvert i mot det var ei sak mellom presten og dei som hadde utført handlingane.[22] Christian 4.s kyrkjetuktforordning av 1629, som gjekk inn i Norske Lov av 1687, inneheldt m.a. ein del om »misbrug udi omgengelse», noko som truleg også kunne omfatta det Wartberg kalla »onanittiske synd» og kanskje

også sodomi mellom menn. Saman med to medhjelparar frå kyrkjelyden skulle presten tala med syndarane og be dei om betring. Sanksjonane om vedkommande ikkje viste betring strekte seg frå utelukking frå nattverden til (i siste instans) utelukking frå kyrkjelyden.[23] Wartbergs formaningar i 1744 tyder på at styresmaktene helst såg at saker som sodomi mellom menn og det han kalla »onanittisk synd» vart handterte diskret; gjennom kyrkje-tukten.

I dei større byane i Europa vaks det fram det me kan kalla subkulturar for sodomi mellom menn på 1700-talet. Ordet sodomi blei i løpet av hundreåret i supplert med »pederasti» som vart forstått, meir spesifikt enn det første omgrepet, som seksuell omgang mellom menn.[24] På 1800-talet kom det til fleire dommer for dette brotsverket, samstundes som det vaks fram pederastiske subkulturar i større byar. (Rosen viser til ein slik subkultur i København, men me har ingen haldepunkt for at slike eksisterte i Bergen eller Kristiania før andre halvdel av 1800-talet).

Criminalloven av 1842 avløyste Norske Lov frå 1687, og kapittel 18 § 21 (heretter § 18-21) straffa "Omgjængelse, som er imod Naturen" med straffarbeid i femte grad.[25] Straffa var altså mildare enn den tidlegare "baal og brann", det var snakk om den mildaste graden av straffarbeid, men dette var strengare enn fengsel. Etter denne paragrafen kom det opp fleire saker som handla om likekjønnsseksualitet i Høgsterett: mellom 1847 og 1856 var det oppe tre slike saker. Spesielt for to av desse var at dei gjaldt kvinner.

I ein dom frå 1847 vart ei kvinne dømd for omgang med to kvinner, det vart dømd etter NL 6-13-15, då forholdet var frå før 1842. Ein diskuterte om forbodet skulle gjelda kvinner, og retten kom altså fram til at det skulle det. Men i 1854 kom ein dom der to kvinner blei frikjende for å ha seksuell omgang med einannan (etter §18-21), noko som danna presedens for seinare tolkingar.[26] Både ordlyden og kravet til fullbyrding av brotsverket var i §18 – 21 det same som før, handlingane måtte tilsvara samleie (dvs. analt samleie). Dette ekskluderte naturleg nok omgang mellom kvinner, som dommen frå 1854 altså slo fast.[27] I 1856 blei ein mann dømd i Høgsterett etter NL 6-22-3 for "Forførelse af Ungdommen", for å ha hatt sex med to yngre menn.[28] Kriminallova av 1842 hadde ikkje erstatta heile den gamle Norske Lov, og NL 6-22-3 var ein av dei paragrafane som framleis vart nytta.

At det var oppe tre saker i Høgsterett kring midten av 1800-talet som omhandla likekjønsseksualitet, kan altså indikera at merksemda om dette brotsverket var større enn før. Ei liknande utvikling skjedde også i Danmark og Sverige.[29] Pederasten som strafferettsleg problemstilling og som sosial rolle sette altså sodomi mellom menn på dagsorden i denne perioden, og ein byrja i større grad å sjå på det

som eit sjølvstendig fenomen. På første halvdel av 1800-talet fanst det, i følgje Wilhelm von Rosen, ennå ingen *»tendens til at antage, at unaturlig drift og unaturlig vellystig tilbøjelighed adskilte sig særligt fra og var mer unaturligt end en tilbøjelighed til for eksempel at frådse, drikke, vagabondere, stjæle eller slå i hjel."* [30] Den pederastiske rolla som utvikla seg i Danmark på midten av 1800-talet, og merksemda kring denne, var i ferd med å bryta denne samanhengen mellom tallause laster. Pederastien byrja bli sett som ei *særskild* last, grunna i noko anna enn dei andre brotsverka. Det var likevel først på *slutten* av 1800-talet at desse tankane skulle utviklast vidare og få større utbreiing.

## Berite og Berite ein gong til

Skuldingane mot Berite Endersdtr. og Berite Jacobsdtr. på tinget i Kinsarvik i 1664 kom altså i ei tid då seksuell omgang mellom personar av same kjønn kunne plasserast i den alvorlege kategorien av synder/brotsverk som vart kalla sodomi (eller »omgængelse mod naturen»). I alle fall gjorde dei dette om ein følgjer definisjonen til Thomas Aquinas eller til Jodocus Damhouder. Samstundes har me sett at Wartberg i 1744 meinte sodomi berre var fullbyrda i tilfelle der ein hadde gjennomført samleie. Samleie i følgje denne definisjonen var ikkje mogleg mellom kvinner, omgrepet »omgængelse» i definisjonen til Wartberg skulle omfatta penetrasjon.

Om det så viste seg at Berite og Berite hadde hatt eit seksuelt forhold, er det tvilsamt om det hadde vorte tale om påtale etter sodomiparagrafen. Følgjer me definisjonen til Wartberg i 1744 må handlingar mellom kvinner vera å forstå som ein annan type brotsverk, kanskje som »onanittisk synd». Damhouder sin definisjon frå 1500-talet inkluderer likevel kvinner, og er såleis ein vidare definisjon enn Wartbergs.

I Danmark-Norge var bestialitet det sodomittiske brotsverket ein prioriterte å forfølgja, og det kom til ei rekke pådømmingar. Annan »løsagtighed» skulle overlatast til presten, syndaren og Gud gjennom forordninga om kyrkjetukt. Saka om den »skammelege» visa kom då heller ikkje opp som eit forsøk på å handheva forbodet mot sodomi, men var ei sak om ærekrenkande skuldingar. Spørsmålet om kva som hadde foregått mellom Berite og Berite kom opp etter utsegna frå Erich Aßlachsen om at jentene sjølv måtte venta seg at det gjekk rykte om dei då dei »pludzelig haffuer Sig med huerandre». Verken sakene Wilhelm von Rosen har undersøkt eller saka frå Kinsarvik frå 1664 syner såleis nokon tendens til at styresmaktene var interesserte i å aktivt straffeforfølgja denne slags brotsverk. Tvert i mot kom alle slike saker fram utan at styresmaktene pressa på; det kan sjå ut som at det var styresmaktene sin strategi å unngå oppstyr. Det kom ikkje noko brot i denne haldninga før på 1800-talet og ikkje for alvor før ideen om »den homoseksuelle» vart til på andre halvdel av same hundreåret.

## III. Homoseksualitet

Merksemda om pederastien som eige



*Johann Ludwig Casper*

fenomen var eit symptom på at den gamle kategorien »sodomi» var i ferd med å gå i oppløysing.[31] På 1800-talet vart pederasten som figur i aukande grad sett på som eit sjølvstendig fenomen, eit fenomen som ikkje var naturleg å gruppera saman med til dømes bestialitet og uortodoks seksualitet mellom mann og kvinne. I andre del av hundreåret kom ei rekke skrifter som studerte dette fenomenet. Til dømes publiserte den tyske rettsmedisinaren Johann Ludwig Casper i 1852 sine oppdagingar om pederastien der han tok til orde for at den i nokre tilfelle var medfødd, i andre tilfelle resultat av "overmættelse i Venus' tjeneste". Medan Caspers »pederast» var ein mann som hadde kjønnsleg omgang med menn, skreiv den tyske juristen Karl Heinrich Ulrichs på 1860-talet om ei gruppe menneske som utgjorde eit "tredje kjønn" og som var tiltrekt av andre personar av same kjønn. Ulrichs grupperte både menn og kvinner i denne kategorien. Psykiataren C. F. O. Westphal gav i 1869 ut ei avhandling om »kontrær kjønnskjensle» (eller »kontrærseksualitet») der han skreiv om menn og kvinner som hadde ei kjensle av »kjønnsforvirring» og var tiltrekt av personar av same kjønn.[32] Avhandlinga til Westphal vert sett på som legevitskapen si »oppdaging» av homoseksualiteten, og saman med Ulrichs sine skrifter kan den sjåast på som starten for det me kan kalla ein *homoseksualitetsdiskurs*.

På slutten av 1800-talet fekk ein stadig meir merksemd om fenomenet kontrærseksualitet, og omgrepet vart gjort kjent gjennom lærebøker i psykiatri, også i Norge. Kring hundreårskiftet vart omgrepet »homoseksualitet» meir dominerande. Ordet kom på trykk første gong i 1869 i to skrift skrivne av den ungarsk-tyske forfattaren Karl Maria Kertbeny.[33] Gjennom verksemda til den kjende psykiateren og sexologen Richard von Krafft-Ebing vart dette omgrepet vanlegare på slutten av 1800-talet, og utover på 1900-talet vart det etterkvart det dominerande omgrepet for seksuell omgang og kjærleik mellom personar av same kjønn.

Der teologen og juristen var ekspertane som forklarte sodomien, vart medisinen (og psykiatrien) fagdisiplinen som etterkvart fekk monopol på å forklara den homoseksuelle. Ein av dei første vitskaplege artiklane om homo-seksualitet i Norge var skriven av Carl

August Looft, lege ved Rosenbergs Asyl i Bergen, og publisert i Medicinsk Revue i 1895.[34] Artikkelen omhandla ei 35 år gammal tjenestejente frå Vikør (Kvam) i Hardanger som var innlagd ved asylet og korleis homoseksualiteten var ein del av hennar personlegdom:

> *Strax hun begyndte at gaa paa skolen følte hun sig draget til enkelte af de andre piger af en eiendommelig fornemmelse, mærkede en eiendommelig tilfredsstillelse af at være nærved og hænge i armene paa veninder; hun led ofte af jalusi ligeoverfor andre smaapiger. Fra konfirmationsalderen af følte hun trang til at gribe efter og tage i andre kvinders genitalia; noget senere dreves hun af trang til at have legemlig omgang med de piger, hun tjente sammen med.*

Looft fortalde vidare om korleis ho både hadde hatt seksuell omgang med kvinner og menn, men at det sistnemnde for henne var *»modbydeligt og væmmeligt»*. Legen hadde prøvd fleire behandlingsmåtar, deriblant hypnose, men utan resultat: *»hun vil heller dø, end undvære kvindfolk»*.[35]

Dette er ei skildring av likekjønns-seksualitet som ikkje hadde vore mogleg 50-100 år tidlegare. »Sodomitten» hadde vore ein vid kategori som dekka eit heilt register av syndige handlingar, den homoseksuelle var ein meir spesifikk kategori som dessutan vart forklart med ein fysisk eller psykisk disposisjon i det enkelte individet. Den franske historie-filosofen Michel Foucault har formulert det slik:



Carl August Looft

> *Innenfor den gamle sivile og kanoniske retten var sodomien en type forbudte handlinger, utøveren av slike handlinger var bare ett rettssubjekt. Det 19. århundres homoseksuelle er blitt en personlighet: en fortid, en historie og en barndom, en karakter, en livsform; dessuten en morfologi, med en påfallende anatomi og kanskje en gåtefull fysiologi. Ingenting av det han er unnslipper hans seksualitet. (...) Sodomien var et slags tilbakefall i synden, den homoseksuelle er nå blitt en art.* [36]

Konsekvensen av denne overgangen var at homoseksualiteten vanskeleg kunne sjåast som ei isolert handling; homoseksualiteten var utslag av ein psykisk eller fysisk disposisjon, noko som var djupt rotfesta i det enkelte individet. Det Carl August Looft skreiv om i 1895, dei seksuelle handlingane og lystene hos kvinna frå Vikør, var slik Looft såg det grunna i hennar personlegdom, det låg djupt nedfelt i henne alt frå barndommen.[37]

Dette nye konseptet om likekjønns-



*Rosenbergs Asyl*

seksualitet, som utgjorde det me har kalla homoseksualitetsdiskursen, fekk etterkvart også konsekvensar for strafferetten. Då formannen i Straffelovkommisjonen av 1885 Bernhard Getz i 1887 kom med eit forslag til endringar i straffelova, var § 18-21 sløyfa. Grunngjevinga hans var med anna:

> *Tilbøieligheden til denne Last er efter al Erfaring hos de fleste, der er henfaldne til den, saa stærk og rodfæstet, at de vanskelig lader sig stagge af nogen saadan Fare [faren for å verta straffa], hvad ialdfald i adskillige Tilfælde synes at have sin Grund dels i enslags seksuel psykisk Misdannelse, dels i sygelig Tilstand, der fremkalder Abnormiteter i Drifter og Tilbøieligheder, i Kraft af hvilke det, som for normale Individer er modbydeligt som i høieste Grad naturstridigt, for Pæderasten netop er naturligt.*[38]

For Getz falt derfor sjølve fundamentet for straffa, det naturstridige, bort. Getz si grunngjeving var i 1887 »forut for si tid», konsekvensane av den nye kunnskapen om »den homoseksuelle» fekk ikkje fullt så radikale konsekvensar i strafferetten før ei god stund seinare. I 1889 endra ein likevel §18-21 og den nye ordlyden vart:

> *Finder legemlig Omgjængelse Sted mellem Personer af Mandkjøn, straffes de Skyldige med Strafarbeide i femte Grad eller Fængsel. Med samme Straf ansees den, der har legemlig Omgjængelse med Dyr.*[39]

Grunngjevinga var som justiskomiteens formann formulerte det: »*Nu findes der ikke et Menneske, der taler Norsk, som alene gjennem sin Sprogkundskab kan vide, hvad »Omgjængelse mod*

*Naturen» er.* [40] Endringa innebar også at det blei mogleg å gi lågare straff enn tidlegare (fengsel var ei mildare straff enn straffarbeid). At ein avgrensa første ledd av ordlyden til å gjelda sex mellom menn reflekterer at »homoseksualitet» var eit fenomen det var fokus på i samtida, og at koplinga mellom dette og ikkje-reproduktive seksuelle handlingar mellom mann og kvinne ikkje lenger var relevant. Koplinga til bestialitet var der framleis, men i forarbeida vart fenomena diskutert som vesensulike, berre tradisjonen ser ut til å ha vore grunn til å gruppera dei i same paragraf.

Eg har undersøkt bruken av § 18–21 i Kristiania i perioden 1880–1905 og i Bergen i perioden 1890 – 1905. Eg fann til saman 15 saker der §18-21 var tiltalen i hovudstaden mellom 1880 og 1905, åtte av desse gjaldt sex mellom menn.[41] I tre av sakene kom det til frikjenning, medan ei av dei førte til dom etter NL 6-22-3 for misbruk av ein ung gut (17 år gamal). Tre av sakene førte til dom for *forsøk* på brot på paragrafen. Dette var tilfelle der det hadde vore forsøkt på »legemlig Omgjængelse» (dvs. samleie i lovens forstand), men der dette hadde vorte avbrote. I berre ei av sakene kom det til dom for fullbyrda »Legemlig Omgjængelse» etter §18-21.[42]

I Hordaland (Søndre Bergenhus) har eg berre funne to dommar etter § 18 – 21 i perioden 1890 – 1905, begge gjeld bestialitet.[43] I tillegg vart tre saker meldt til Statsadvokaten utan at det kom til dom, to av desse gjaldt truleg bestialitet, den siste truleg homoseksualitet.[44]

§ 18–21 var altså sjeldan i bruk. Grunnane til dette var dei sterke krava til fullbyrding av brotsverket, og det skulle altså ein del til for at tiltale skulle reisast. At ein ikkje hadde nokon større og synleg homoseksuell subkultur her i landet (sjølv om sakene frå Kristiania viser at det fanst tendensar) gjorde også at handheving og etterforsking av denne typen brotsverk i større skala ikkje skjedde.

Endringa av § 18 – 21 i 1889 var berre mellombels, Straffelovkommisjonen sitt arbeid leia seinare fram til ei heilt ny straffelov som vart vedteken i 1902. Her fekk paragraf 213 ordlyden:

> *Finder der utugtig Omgjængelse Sted mellem Personer af Mandkjøn, straffes de, der heri gjør sig skyldige eller som medvirker dertil, med Fængsel indtil 1 Aar.*
>
> *Med samme Straf ansees den, som har utuktig Omgjængelse med Dyr.*
>
> *Paatale finder alene Sted, naar det paakræves af almene Hensyn.*

Endringa frå formuleringa »legemlig Omgjængelse» i den tidlegare §18-21 til »utuktig Omgjængelse» i §213 i den nye straffelova innebar at anal penetrasjon ikkje lenger var definisjonen på brotsverket. »Utuktig Omgjængelse» var ein vidare definisjon som dekka eit større spekter av seksuelle handlingar.

Paragrafen omfatta likevel ikkje sex mellom kvinner. Stortingsrepresentanten (og legen) Magnus Kjølstad Graarud

uttalte under debatten i Stortinget at dette streid mot hans »naturhistoriske« forståing, idet han meinte å vita homoseksualitet var like utbreidd blant kvinner som blant menn.[45] Justisminister Qvam på si side motsette seg dette på det sterkaste: »*Legemlig omgjængelse, kjønslig omgjængelse mellem to kvinder – har man hørt noget saadant? Det hører til de umulige ting*».[46] Graaruds forslag blei røysta over, og nedstemt. At sex mellom kvinner ikkje vart med i paragrafen tyder på at ein framleis såg »pederasti« som noko som særskilt vedgjekk menn; § 213 var influert av den nye figuren »den homoseksuelle», men i bakgrunnen spøkte framleis sodomitten og pederasten.



Paragrafen vart ved fleire høve søkt endra.[47] Alt på ei møterekke i Det medicinske selskab i Kristiania i 1906 og 1907 foreslo fleire av landets leiande ekspertar på psykiatri at paragrafen burde opphevast. Dette fordi dei såg homoseksualitet som utslag av ein sjukeleg tilstand og såleis som noko som ikkje kunne straffast. Straffelovkomiteen av 1922 la i 1925 fram eit forslag til endringar, der det med anna vart foreslått at påtale berre skulle finna stad når den eine av dei involverte var under 21 år. Grunngjevinga var med anna farga av den medisinske diskursen om den homoseksuelle: "*å sette straff for tilfredsstillelsen av medfødt homoseksuell kjønnsdrift, vil da for disse personer bety det samme som, om loven ved straffetrussel forbød den seksuelt normale manns og kvinnes kjønnslige omgang*."[48] Forslaget vart ikkje vedteke av Stortinget. I eit skriv frå 1925 tilrådde Riksadvokaten at det burde reisast tiltale etter § 213 første ledd når den eine parten var under 21 år, særleg når denne hadde vore utsett for forføring, noko som truleg var inspirert av forslaget og grunngjevingane til Straffelovkomiteen. Paragrafen vart igjen søkt endra i 1954 då det nye Straffelovrådet kom med liknande forslag til aldersgrense, men dette vart heller ikkje noko av. Først i 1972 vart § 213 oppheva, etter massiv lobbyverksemd frå Det norske forbundet av 1948 (DNF-48) med Karen-Christine Friele i spissen.

Me har sett at § 18 – 21 var lite i bruk, mellom anna på grunn av kravet til »legemlig Omgjængelse». § 213 hadde ikkje noko slikt krav, men handhevinga vart avgrensa av passusen om at »almene hensyn» måtte vera tilstade for at påtale skulle reisast. I praksis førte dette til at paragrafen også sjeldan kom til bruk.

Historikaren Martin Skaug Halsos har studert bruken av § 213 i perioden 1905 –

1950 i Kristiania/Oslo. Han fann at det kom til dom 16 gonger for homoseksualitet mellom menn og ein gong for bestialitet.[49] Eg har undersøkt bruken av § 213 i Søndre Bergenhus/ Hordaland og Bergen i perioden 1905-1945, og har funne 12 dommar (alle gjaldt forhold mellom menn). Ti av dommane var frå 1930-talet, og av desse var seks resultat av ei større etterforsking frå Bergenspolitiet som førte til at ei rekke menn vart dømde i 1938.[50]



Bruken av paragrafen var altså uhyre sjeldan. Passusen om »almene Hensyn» har avgrensa bruken, og forhold mellom vaksne menn på omtrent same alder vart normalt ikkje straffa. Dei tilfella det har skjedd har det vore grader av tvang/manipulering inne i bildet, eller det seksuelle forholdet har vorte observert på offentleg stad. I dei fleste sakene var det også berre ein av dei involverte som vart dømd, anten fordi han hadde nytta seg av tvang/ manipulering, eller fordi han var eldst og derfor oppfatta som den som var ansvarleg for forholdet. Den desidert mest omfattande saka er ei sak som politiet i Bergen starta å etterforska hausten 1937 og som førte til seks av dommane i Bergen og ei i Oslo. Til saman vart heile 34 menn dømd. 14 av desse vart også dømd for brot på andre paragrafar, for å ha hatt forhold til mindreårige. Dei resterande 20 blei *berre* dømd for brot på § 213. Alle desse var menn over 21 år, og forholda dei vart dømde for var med gutar mellom 16 og 21 år (i tråd med Riksadvokaten sitt skriv frå 1925). Dette er det einaste dømet me har i Norge på ei stor sak av denne type som skapte moralsk panikk, saka fekk stor merksemd i pressa, og gjekk under namnet »Den store sedelighetssaken».

Ordlyden i § 213 sa at ein kunne bli straffa med opptil eitt års fengsel. Av dei sakene eg har undersøkt er det likevel sjeldan med lange fengselsstraffar , og fengsel på vilkår vart ofte nytta (den lengste straffa som er nytta i det materialet eg har gjennomgått i saker der det berre vart dømd etter § 213, var 120 dagar fengsel).

Verken eg eller Halsos har funne dommar frå 1940-talet. Ting tyder på at paragrafen vart endå sjeldnare nytta etter 1930-talet, noko som m.a. førte til at DNF-48 ikkje såg det som noka prioritert oppgåve å jobba med oppheving av paragrafen i den første fasen til organisasjonen (på 1950-talet). Som straffetrugsel mot homoseksuelle menn var såleis § 213 ikkje vesentleg. I praksis vart ikkje samtykkande forhold mellom vaksne menn påtalt. Paragrafen har likevel hatt ein psykologisk effekt, den underbygde det ellers særs negative synet på homoseksualitet i samfunnet.

Den homoseksuelle vart i aukande grad sett på som ein særskilt personlegdom

på 1900-talet. Også i dokumenta frå rettssakene merkar ein dette, det vart vanskeleg å dømma brotsverka utan å ta med at dei var utslag av noko ibuande i dei tiltalte. Dette ser me i rettens vurdering i ei av dommane frå »den store sedelighetssaken» i Bergen i 1938:

> *(…) retten har endog under forhandlingene i anledning av saken vært inne paa den tanke om de drifter de siktede har latt sig lede av har vært av slik styrke at de ikke har kunnet motstaaes, idet de paasiktede handlinger ellers synes lite forenelig med det greie og fornuftige inntrykk de siktede stort sett har gitt. Denne tanke har imidlertid retten maattet opgi, idet de siktede under rettsforhandlingene har bekreftet at de alltid forsaavidt har følt sig fritt stillet, og at de har villet kunne beherske sine drifter om de hadde tatt sig mer sammen.*[51]

Retten uttrykker her ein tydeleg ambivalens i vurderinga av handlingane, ein ambivalens som kan sjåast i dei fleste § 213-sakene på 1920- og 1930-talet. Dette er eit resultat av at diskursen om den homoseksuelle var i ferd med å få eit gjennombrot: der sodomitten hadde vore ein syndar og ein lovbrytar vart den homoseksuelle sett på som ein (sjuk) personlegdom. Konsekvensen av dette synet vart til sjuande og sist opphevinga av § 213 i 1972.

Dei siste vel 30 åra har synet på homoseksualitet i samfunnet fått ei positiv omtolking. Samstundes er synet bestemt av den diskursen om homoseksualitet som vart utforma på slutten av 1800-talet: homoseksualitet (og heteroseksualitet) vert i dag oppfatta som ein tilstand som er djupt rotfesta i enkelte individ, og som må forståast psykologisk (og ikkje t.d. teologisk).

## Berite og Berite endå ein gong

Me har ikkje kome noko nærmare kva som skjedde med Berite og Berite, som vart utsett for bygdesladderen i Kinsarvik i 1664. Om det verkeleg stemde at dei »plutzelig hafuer sig med huerandre» får me aldri svar på. Me kan likevel seia noko om kva art skuldingane hadde. Ei vanleg feilslutning er å bruka omgrep og forståingshorisontar frå nåtida på fortida. Ergi, sodomi og homoseksualitet er omgrep som på fundamentalt ulike måtar har ramma inn og forma forståinga av og praksisen av likekjønnsseksualitet. Omgrepet ergi omhandla spesifikt den »kvinnelege» rolla i ei seksuell handling mellom menn, og må forståast som ein del av æreskodeksen og krava til maskulinitet i vikingtid og førkristen mellomalder. Kva konsept ein hadde om kjønnslege handlingar kvinner i mellom i norrøn tid gir kjeldene oss få eller ingen hint om. Sodomien var derimot eit kristent omgrep som fekk aktualitet i høgmellomalderen og som femna om ulike tabuiserte seksuelle praksisar (frå ikkje-

reproduktive »heteroseksuelle» praksisar til omgang med dyr). Sodomitten var ein syndar, eit depravert menneske, men ein knytte ingen førestilling om at dette var eit særskilt type individ til det. Den homoseksuelle derimot var ei gruppe av menneske som var tiltrekt av andre av same kjønn, og som vart forstått med utgangspunkt i ein indre disposisjon i desse individa.

Berite Endersdtr. og Berite Jacobsdtr. sine forhold må sjåast i lys av omgrepet sodomi. Skuldingane Berite og Berite vart utsette for var at dei hadde tatt del i ein seksuell praksis som var »mot naturen» og som vekte Guds harme. Skuldingane handla såleis ikkje om »homoseksualitet» i moderne forstand. Dette omgrepet eksisterte ikkje, og dei koplingane og tolkingane som ligg i det, eller den identitetsdanninga det har vore med og skapt, eksisterte heller ikkje. At to kvinner hadde eit seksuelt forhold var såleis ei alvorleg skulding om brot mot Guds orden, og vart ikkje sett på som vesensforskjellig frå andre alvorlege brot, det vera seg steling, drap eller bestialitet.

---

[1] Denne artikkelen er delvis basert på hovudfagsoppgåva mi *Frå synd til sjukdom? Konstruksjonen av mannleg homoseksualitet i Norge 1886 – 1950* (Universitetet i Bergen hausten 2003). Det som omhandlar tida før midten av 1800-talet er for det meste ikkje omhandla i oppgåva, og for det meste basert på litteratur (unntaket er kjelda om Berite og Berite frå Hardanger). Eg har i tillegg undersøkt bruken av lovforbodet mot sex mellom menn i søndre Bergenhus i perioden 1890 – 1905 særskilt for denne artikkelen (perioden 1905-1945 gjennomgjekk eg i samband med hovudfagsoppgåva). Eg vil takka Christopher John Harris og Yngve Nedrebø for tips om kjelder og kommentarar til denne artikkelen.

[2] Lutro i Kinsarvik/Ullensvang.

[3] Statsarkivet i Bergen: Sorenskrivaren i Hardanger og Voss, A. c. 2, Tingbok for Halsnøy kloster 1664: fol. 26a. Tingboka er skriven av og ligg på internett: http://digitalarkivet.uib.no/sab/lys64a.htm

[4] Ibid: fol. 26b.

[5] Kak/kag er ein pel brukt til å binda lovbrytarar til for offentleg pisking.

[6] Kolltveit, Olav 1974: *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. Bygdesoga V/2.* Bergen: 502.

[7] Omgrepet »likekjønnsseksualitet» dekkjer i denne artikkelen seksualitet mellom personar av same kjønn uavhengig av historisk epoke. Dette er gjort for å skilja det frå »homoseksualitet» som vert nytta om den historisk spesifikke måten å forstå og organisera likekjønsseksualiteten på som oppsto på slutten av 1800-talet.

[8] Solli, Brit 2002: *Seid. Myter, sjamanisme og kjønn i vikingenes tid.* Oslo: 140. Delen om ergi i denne artikkelen er i hovudsak basert på Solli 2002.

[9] Fullrettsord = æreskrenkjande ord.

[10] *Gulatingslovi* 1952: *Gulatingslovi umsett av Knut Robberstad.* Oslo: 195-196.

[11] *Gulatingslovi* 1952: 49.

[12] Boswell, John. 1980. *Homosexuality, christianity and social tolerance. Gay people in the west from the greeks to the middle ages.* Chicago og London.

[13] Greenberg, David F. 1988. *The Construction of Homosexuality.* Chicago og London: 269-272.

[14] Ibid: 276-278.
[15] Ibid: 274-275.
[16] Rosen, Wilhelm von. 1993. *Månens Kulør. Studier i dansk bøssehistorie 1628-1912.* København: 56-57.
[17] Rian, Øystein. 2001. Mellom straff og fortielse. Homoseksualitet i Norge fra vikingtiden til 1930-årene, i Brantsæter, Marianne C., Turid Eikvam, Reidar Kjær og Knut Olav Åmås (red.) 2001. *Norsk homoforskning*. Oslo: 34.
[18] Ibid: 33-35.
[19] Rosen 1993: 59.
[20] Ibid: 47 og 64-67.
[21] Ibid: 84 –88.
[22] Ibid: 93.
[23] Rian 2001: 34.
[24] Bray, Alan. 1995 [1982]. *Homosexuality in Renaissance England.* New York: kapittel 4, Rosen 1993: 155.
[25] Aarset, Anette Halvorsen. 2000. *Rettslig regulering av homoseksuell praksis 1687-1902*. Oslo: 51.
[26] Ibid: 72-82.
[27] Ibid: 61-62.
[28] Ibid: 82-87.
[29] Rosen 1993: 417, Söderström, Göran. 1999a (red.) *Sympatiens hemmelighetsfulla makt. Stockholms homosexuella 1860-1960*. Stockholm: 84.
[30] Ibid: 457.
[31] Wilhelm von Rosen ser såleis pederasten som ein »overgangsfigur» mellom sodomitten og den moderne homoseksuelle.
[32] Jordåen 2003: 24.
[33] Ibid: 24.
[34] Looft, Carl August. 1896. Et tilfælde af homosexualitet hos en kvinde, i *Medicinsk Revue* november 1896. Bergen.
[35] Ho vart skriven ut frå asylet halvanna år etter at ho var innlagt.
[36] Foucault, Michel. 1995. *Seksualitetens historie 1. Viljen til viten.* Oslo. [1976. *Histoire de la sexualité. La volonté de savoir. Paris.*]: 53-54.
[37] Looft forklarte tilstanden som eit resultat av arvemessig degenerasjon: *»Om oprindelsen til den degenererede tilstand hos vor patient gir oplysningen, at moderen var »rar» af sig et lidet fingerpeg.»*
[38] Getz, Bernhard. 1889 [1887]. Dokument No. 65 fra Justiskomiteen: Professor Getz Udkast til forskjellige Kapitler i Straffelovens specielle Del, i *Stortingets forhandlinger 1889.* Kristiania: 10.
[39] Indst. 0.VI. (1889), i *Stortingets forhandlinger 1889 6.del.* Kristiania: 45.
[40]Forhandlinger i Odelstinget nr. 85 (1889), i *Stortingets forhandlinger1889 8. del.* Kristiania: 643.
[41] I tillegg fann eg 10 saker i sakslistene er §18-21 var tiltalen. Det var ikkje mogleg å finna desse sakene i arkivet.
[42] Jordåen 2003: 42-44.
[43] Statsarkivet i Bergen: Hordaland Statsadvokatembete: Justisprotokoll A 2: sak 213-1892, og Justisprotokoll A 3: sak 239-1894.
[44] Statsarkivet i Bergen: Hordaland Statsadvokatembete: Justisprotokoll A 3: sak 239-1894, Justisprotokoll A 6: sak 308-1899 og Justisprotokoll A 9: sak 10-1903.
[45] Forhandlinger i Lagtinget Nr 26 (1901/1902): 204.
[46] Ibid: 205.
[47] Jordåen 2003: 60-64 og 94-97.
[48] Straffelovkomiteen 1927 [1925]. Innstilling fra den av Justisdepartementet den 11. mai 1922 oppnevnte komié til revisjon av straffeloven, i *Stortingets forhandlinger 1927 3. del* vedlegg til Ot. prp. Nr. 8 (1927). Oslo: 39.
[49] Halsos, Martin Skaug. 1999. *§ 213 i almindelig borgerlig straffelov av 1902. Homoseksualitet i Norge og rettslige sanksjoner mot den fra slutten av 1800-tallet til 1972*. Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo: 123-126.
[50] Jordåen 2003: 66-67 og 98-100.
[51] Statsarkivet i Bergen: Dom 20/1 1938 i Bergen forhørsrett: 41.



## *Knut J. Erstad / Solveig Barratt Lange:*

# "Skomakerbispens døtre"

Dette var arbeidstittelen på en bok som vår mormor Solveig Barratt Lange planla, men som hun ikke fikk fullført. Den skulle handle om hennes morfar, skomakermester Erik Jacobsen, hennes mormor Lovise og deres fire døtre.

Det eksisterer en del håndskrevne notater til boka, håndskrevet, pluss tre maskinskrevne sider som ser ut til å være utkast til begynnelsen av boka, skrevet ned på 1950-60-tallet. Hennes kilder har sannsynligvis vært både den dagbok som hennes mor skrev i sin ungdom, hennes artikler i avisa Dagen på 30-tallet og hennes bok Erindringer fra 1946, samt samtaler med henne og kanskje også hennes søster, tante Jenny. De døde i henholdsvis 1951 og 1952. Deres erindringer må igjen ha vært basert på hva deres mor Lovisa Jackobsen har fortalt dem, da en del av det som er beskrevet i notatene til Skomakerbispens døtre er fra før døtrene ble født.

Erik Jacobsen (1838-1891) ble født i rode 23 (bak Mariakirken og Tyskebryggen), muligens i Nedre Stølen eller Wesenbergsmuget. Han giftet seg første gang 14. mai 1860 med Martine Nicoline Tollefsdatter (1831-1861), og fikk datteren Susanne med henne. Da de gifet seg bodde han i rode 5 (som strekker seg fra Vågen til Puddefjorden, midt på Nordneshalvøya). Da Susanne ble født bodde de i Klostergt. 18 (som på kart fra 1864 heter Nyveien).

22. mars 1862 giftet Erik Jacobsen seg for andre gang med vår tippoldemor Lovisa Christine Olsen (1829-1906), som er født i rode 16 nr 97 (Rådstusmuget 9). Begge giftemålene var hos byfogden, siden Erik Jacobsen tilhørte den frikirkelige lammerske menighet. I folketellingen i 1865 bodde de i nr. 25 i rode 8, som var Strandgate 64 intil storbrannen i 1916. Rett etterpå flyttet de til Skostrædet 15, en eiendom som de ble eiere av i 1884. Ifølge mormors notater bodde de i Cort Piilsmuget rett før de flyttet til Skostrædet. Enten er dette feil, eller så kan de ha bodd der en meget kort periode.

Så langt de "harde" fakta som kan leses ut av ofentlige registre og kirkebøker.

Notatene etter mormor overlapper hverandre en del innholdsmessig. De er her gjengitt ordrett, men ikke i sin helhet fordi det ville gitt mange gjentagelser. Og for å gi en best mulig helhet er setninger og avsnitt fra de ulike notatdelene flettet inn i hverandre.

Her kommer teksten:

"I Bergen er der en gate som heter Skostredet. Hvordan den fikk sitt navn, vet jeg ikke, men i den tiden jeg skal fortelle om, bodde det en skomakermester i gaten med sin kone og fire døtre. Hvordan de kom til å flytte til Skostrædet, hadde sin egen historie. Før hun giftet seg hadde  mesterens kone, Lovise Jacobsen vert i huset hos Rika [Lauritz Riege i dagens Kalfaret 8, renteist og partsreder]. En velholden kjøpmann som bodde med sin familie i et hvitmalet hus like ved Byportten, oppover mot Kalfaret. Alle i familien var blitt glad i henne for hennes lyse og glade sinn, og ikke minst for hendes dyktighet i alt det huslige.



*Kartutsnitt fra Bergen sentrum*

Forbindelsen var holdt vedlige efter at hun hadde giftet seg – og småtøsene [døtrene til Riege] som nå var blitt unge frøkner gjorde hun mer enn èn tjeneste. Det var ikke passende den gang for damer som var "bedre manns barn" å gå ut i lønnet arbeid. nei, de måtte pent være huslige hjemme og sy og brodere til der meldte seg et passende parti. - Det kunne være greit å tjene en liten skilling for seg selv – og mer enn en gang gikk fru Jacobsen med fine broderte lommeduker og krager til jomfru Mortensens garn og brodeributikk for å få dem solgt.

Fru Jacobsen ville gjerne at hendes døtre skulle nå lenger frem i livet enn hun selv hadde kommet – og derfor hadde hun bedt Rika gå god for seg så de kunne kjøpe huset i Skostrædet. Der ville det bli

romsligere på alle måter enn i Cort Piilsmuget – hvor det var så trangt mellom husene at man nesten kunne ta på husveggen på …. side av gaten. Erik – mannen hendes, kunne få utvidet verkstedet sitt og ta inn flere læregutter og svenner. Jo, hun tenkte langt og stort, fru Jacobsen. Hun var en sjelden kvinne, men også gudfryktig og glemte aldri å takke Gud og gi ham æren for alle ting.

En dag hun var i 2den etasje hvor de bodde i Kortpilsmuet hørte hun en sterk mannstemme rope nedenfra. Lovise – Lovise – Lovise. Forskrekket tittet hun ned ved gelenderet i trappen og fikk se Rika stå dernede. Oi – e de di Rika sa hun lettet – Eg trodde minst det var en brann. – a, det var bare det eg ville si deg, Lovise – at om du og mannen fremdelses vil ta det huset i Skostredet – så kan dere få ta det. Du kan be din mann komme bort til meg i morgen, så skal vi ordne det forretningsmessige.

Han visste fra alle de år Lovise hadde vært i huset hos ham – at såsannt det stod til henne og de var friske – ville han aldri miste pengene sine. Skomakermesteren var også en mann det stod respekt av. Han var kjennt for sin hæderlige vandel. Slik kom de til å flytte inn i Skostrædet.

Hvordan Skostrædet egentlig hadde fått sitt navn vet jeg ikke. Kanskje skrev det seg fra den tiden da de forskjellige håndverkere bodde i samme gate. Nå fikk gaten imidlertid sin skomakermester – og det en som var både flink og orginal. Erik Jacobsen kunne ikke fordra å gå med stiv snipp som man brukte den gang. Hans kone måtte sy en hvit linning på dagligjakken hans, som blev kneppet høyt opp i haken. Men om søndagen måtte han lide med en stiv snipp. Erik Jacobsen var en vakker og godlynt mann. Med sitt vennlige og pålitelige vesen hadde han vunnet alles respekt."

Jacobsens hadde fire døtre. Jacobsen hadde vært gift før, men hans kone døde næsten med det samme den lille Susanna blev født, og bestemor og tantene tok seg av henne. Da Jacobsen giftet seg igjen ville ikke tantene og bestemoren gi slipp på den lille piken. Godmodig som han var lot Jacobsen barnet bli hos dem inntil de hadde vennet seg til tanken om at hun skulle tilbake til faren, men den dagen kom aldri – og de fire søstre kom sjelden sammen med sin halvsøster.

Småtøsene, som deres far altid kallte dem het Hanna, Anna, Laura Kristine og Jenny Henrikke. De hadde også en liten bror, Johannes. Men han døde som ganske liten. Pikene hadde latt ham sitte på en gressbakke som ikke var helt tørr, og så fikk han jordslag [?] og døde. Hva slags sykdom det var har jeg aldri funnet ut.

Hanne het egentlig Johanne og hun sa altid senere i livet: jeg var altid så lei fordi de kallte meg Hanne, for Johanne var så meget penere. Hadde mer rusning [?] over seg. Men hun blev hele livet bare kallt for Hanne. Det rimet så godt også. Hanne og

Anne.

I Skostrædet 15 fikk de god plass. Det var forhus og et bakhus. I forhuset kom man inn i en gang mad mange dører og en trapp opp til 2den etasje.

Fremhuset som lå til gaden hadde to etasjer og en kvist – og bakhuset som lå bakenfor med en hellelagt gårdsplass i mellom, hadde 1 etasje og stort loft hvor skomakerverkstedet var.

Huset sprang litt frem i gaten – så inngangsdøren var på kortsiden av huset. Først var det kontor med vindu som så nedover gaten. Her tok Jacobsen imot alle de "probenryttere" som hadde noe å tilby. Alle slags skinn til ….. og ….. skotøy og støvler, godt sålelær, tråd, voks og treplugger av alle slags. Det var en slik deilig lukt derinne av alle de prøver som fandtes. Ellers var det sparsomt møblert. En stor sofa med hestehårstrekk hvor Jacobsen hvilte middag stod på den ene veggen inn mot dagligstuen. Resten av 1ste etasje bestod av den store dagligstue hvor også det runne spisebordet stod. Borte ved vinduet stod et sybord med en stol på hver side og utenfor vinduet var "spionen" så man kunne holde øye med hvem som gikk i gaten. Kjøkkenet var stort og rumslig med dør ut til bakgården hvor vannposten stod. Under trappen som gikk fra forstuen og dannet tak for den ene enden av kjøkkenet stod slagbenken til "tøsen". Dette hendte jo omkring 1870 – så man tok det ikke så nøye den gang som nå.

I anden etasje var den store stuen, med et Hornung og Mûllers taffelformet piano. Småtøsene gikk å lærte å spille. Det var fru Jacobsens store glede – kanskje også stolthet – at hendes døtre kunne spille. Ja, engang bad hun "den sure melkemannen" om å komme opp – så han kunne beundre både pianoet og småtøsenes dyktighet i å spille. Den sure melkemannen var han som hver uke kom med den sure melken de skulle bruke i uken og tykk deilig rømme.

Mot gårdsplassen lå foreldrenes soveværelse og under trappen til loftet var røkekammeret som var tørt og luftig. Her hang det altid en liten duft av spekekjøtt i luften - for her blev det hver høst hengt opp røket fårekjøtt som de hadde hele vinteren.

Øverst i huset – på et stort loftkammer bodde så de 4 småpiker. Det var bare takluker deroppe – ikke ordentlige vinduer. Skorstenen gikk gjennom huset, og der hadde de det lunt og koselig. Helt til de fyllte 15 år fikk de aftensmaten bragt opp på brett av piken, men efterhvert som de oppnådde denne alder fikk de lov å spise aftens med foreldrene. Da den nestyngste Laura fyllte 15 år sa faren – Vi kan ikke la Jennymor sitte alene deroppe og spise, og så fikk hun også komme ned til aftens.

Mesteren sjøl – reiste hver høst opp til Haukeland hvor bønderne kom med sine kreutere og skulle selge dem til byfolket. Det var altid livlige og morsomme dager og




*Skostredet 15 hvor vår tippoldefar Erick Jacobsen bodde med sin familie 1865-1891 da han døde. Bildet til venstre ble tatt av Frances B. Erstad i 1986 og viser huset ut mot gaten. Bildet til høyre ble tatt av Frances B. Erstad 23. august 1990, og viser bakhuset hvor skomakerverkstedet lå. Bygningene ble dessverre revet på begynnelsen av 1990-tallet.*

småpikene tagg seg til å få følge med sin far den dagen han drog dit opp. Da kjøpte han gjerne 7-8 fete gode smaler (sauer) som blev slaktet på stedet og kjørt hjem til Skostrædet. Da blev det travle dager i huset – når alt dette fårekjøttet skulle forvandles til rullepølser, røkekjøtt og saltning. Men det fulgte slik munterhet og liv med denne travelheten – så man så aldri et surt fjes over alt ekstraarbeidet – eller hørte tale om trette føtter som løp dagen lang – opp og ned trapper. Alle visste at de ville få sin betimelige del av alle disse goder – og hver dag sjauen stod på vanket det noe ekstra godt.

Småpikene sprang opp på loftet når de kom fra skolen, for deroppe på kvisten hadde de sitt …. rom, slang skolevesker på sengen – byttet på seg hjemmekjole og stivt forkle – og så var det ned igjen for å hjelpe til. Når fåresiden hadde ligget lenge nok i saltlaken blev det brakt bort til slakteren for å røkes – og så kunne der falle ro over familien – til neste …. travelhet, julen nærmet seg.

Bakhuset var stort og romslig. Der var der i første etasje- bryggerhuset – og andre nødvendige rom (?), og et rom hvor "Mesteren" (Jacobsen) satt og tegnet med hvitt kritt på skinn som skulle forvandles til fottøy. Her hadde han sitt store bord som han la skinnet utover på og så tegnet han på baksiden av det mønsteret til nye sko og støvler og kastet det gjennom en luke opp på loftet til mestersvennen, som

så skar det til og fordelte arbeidet mellom alle svennene og læreguttene. Det gikk et langt bord gjennom loftet og der satt tett i tett svenner som sydde for Jacobsen.

Småpikene syntes det luktet så deilig av alt skinnet og læret – og når de en sjelden gang fikk komme opp på loftet og se hvordan de arbeidet moret de seg med å se på alt de brukte av stifter og plugger og tråd og voks. De likte også å sitte å rugge på de små trebente skomakerstolene.

Det gikk næsten fabrikkmessig, for det gjaldt om å ha store partier ferdig til nordlandsbåtene kom til Bergen med fisken. Da fikk Bergens skomakermestre oppgjør for skotøyet de hadde sendt nordover året i forveien. Hadde fisket vært godt, blev det god handel, men slo fisket feil, så var det for mange et stort tap. Et år var Jacobsen uheldig på den måten, men så fikk han all reparasjon fra festningen ved siden av, så de klarte seg. Enten var det hver uke eller hveranden at en soldat kom med en sver sekk på skulderen som han slang på gulvet ute på verkstedet, og fikk med tilbake det som var blitt reparert siden sist.

Mange av dem [svennene] kom fra landet, og reiste hjem hver lørdag. Når de kom tilbake til byen hadde de gjerne med seg mat for hele uken. En stor …. med grøt og et stort spann med surmelk. Det var det det mest gikk på – at det i ukens siste dager kom "hy" [?] på grøten og at melken var eitrende sur betydde ingen ting. Jacobsen betalte den lønn de var blitt forente om. Han var lun og omgjengelig - og matmor var ikke snauere enn at der kunne vanke en liten godbit nå og da.

Det gikk godt for Jacobsen. Det ble levert godt arbeid fra hans verksted, og han fikk ord på seg for å være en solid, ordholden mann. Bak hans rygg drev noen litt gjøn med hans gudelighet, for Jacobsen var ikke av dem som satte lyset under skjepper. Han var ingen taler, men i liv og gjerning viste han hvem som hadde ledelsen i hans liv. Det var mer enn en som var takknemlig for den hjelp de fikk. Skomakerbispen kallte man ham. Erik Jacobsen visste det nok, men han hadde bare et lurt smil til svar.

Hans kone var av samme slag. Når det blev laget fiskemat eller kjøttmat i huset hadde hun altid noen småspann parat til å fylle deilig suppe med boller oppi. Så blev det småtøsenes lodd å gå rundt med spannene til dem som kunne trenge en liten godbit. Det var gamle og syke. Borte i "Spetalen" bodde tante Marthe.

Småpikenes liv pendlet mellom hjem, menighet og skolen. De gikk på byens beste skoler. Fru Jacobsen ville at hendes døtre skulle få en så god utdannelse som de hadde anledning tå gi dem. Hun var en intelligent kvinne, og la ikke de kristne prinsipper ned i deres sinn, men lærte dem å bli selvstendige tenkende kvinner. De levet i brytningstider, i overgangen til en ny æra. Både i Norge og ute i verden vokste det i slutten av forrige århundre opp kvinner som satte dype spor efter seg.

Ikke bare som gode mødre, som tross alt er en av de største oppgaver å kunne mestre, men også som ansvarsbevisste samfunnsborgere. Gryende tanker om kvinnens selvstendighet som individ holdt på å vokse frem, og skomakerbispens døtre var i sannhet barn av denne nye tid. Det fikk praktisk betydning for dem senere i livet.

Fru Jacobsen var en pen dame med regelmessige trekk. Det store mørke håret lå i flettinger rundt hodet. Hun elsket å lese, og døtrene måtte stadig på biblioteket og låne bøker til hende. Hun slukte alt, reiseskildringer, biografier, historie og fortellingsbøker. De pleide spøkefullt å si, at når mor hadde fått en bok i hånden var hun tapt for denne verden. Men hun var ikke mer tapt enn at hun styrte sitt hjem med dyktighet, og Jacobsen sa gjerne når det skulle taes en eller anden beslutning: Vi får spørre Lovise først.



*Erik og Lovisa Jacobsen*

Jacobsens tilhørte den Lammerske frimenighet. Det var en liten menighet av mennesker som hadde meldt seg ut av statskirken fordi de var av samme mening om presten Lammers at det å døpe små barn som verken kunne tenke, tale eller ha noen egen mening var ikke efter bibelens ord. Lammers brøt med kirken, og selv om han en del år senere gikk inn i kirken igjen, så var der små menigheter her og der som forblev trofast mot det lys Gud hadde gitt dem over dette spørsmålet. Når deres barn blev så store at de forstod sine handlinger blev de døpt med hel neddykkelse i vann.

Det var en liten menighet av gudfryktige mennesker, men noen særlig fremgang fikk den ikke. Forstanderen var skomakersvenn hos Jacobsen, og alle var glad i Abel

(Andersen) og Ingeborg, konen hans. Han var ikke så meget å se på, den kjære Abel, men det var to ting han kunne godt her i livet, og det var å sy sko og preke. Til å begynne med holdt menigheten til på Bellingsalen, en gammel dansesal som lå i snekkermester Abrahamsens[1] eiendom. Han tilhørte også menigheten. Men så fant han og Jacobsen og dennes svoger skreddermester Arentz og en to-tre håndverksmestre til ut at de ville bygge et passende lokale på tomten ved siden av Jacobsens hus. Det fikk de til, og når terminen kom og det skulle betales renter og avdrag, var det disse trofaste brødre som la sammen til det. Det blev aldri tatt opp en kollekt. Det eneste var en bøsse ved utgangen til de fattige."

I avisen "Dagen"s søndagstillegg nr. 7 og 8 i 16. årgang (30-tallet) har Laura Barratt (vår oldemor, Erik og Lovise Jacobsens nest yngste datter) skrevet ned en del barndomsskildringer. Det meste er historier fra dissentermiljøet, men noen utdrag passer det å ta med her:

"Flere av de spedalske inne på Pleiestiftelsen tilhørte menigheten, og en av dem, Marte, var en stadig gjest ved vårt bord. Mor smurte på maten til henne, og hun tok om koppen med begge hender. Vi barn syntes Marte var så snild og fant intet rart i at hun spiste ved vårt bord. Jeg tror nok at mor tok sig ekstra av hennes kopp og skje, men det visste jeg ikke om. "

Av og til kom en predikant Falck fra Østlandet og blev hos oss nogen måneder. Da var det festdager. Når predikanten gjorde en av sine første turer til min onkel som var skredder, så var det å ta mål av ham til nye klær. Kom han så til min far, var det å løfte på foten hans og si: "Du trenger nok nye støvler," og så blev det tatt mål. "

" Vi dissenterbarn for 60 år siden levde et fritt og lykkelig liv. Vi kjente intet annet kristelig arbeid. Vi gikk på byens betalingsskoler, og der måtte lærerne behandle oss pent. I hjem og forsamlinger var vi tilfredse, - hva gjorde vel litt knubb nu og da om at vi var "hedningeonger"?"

"I huset nedenfor oss, hos jomfru Blokshus, holdt kvekerne til. Var det stille i frimenigheten hos oss, så var det enda stillere der. Jeg var derinne en gang, men det blev sagt at dersom Ånden ikke falt på dem, så sa de intet. Dengang jeg var der, satt de ganske stille, til slutt reiste de seg, og de skiltes alle med et håndtrykk. Vidunderlige kvekersamfund!"

"Rett ovenfor jomfru Blockhus" bodde "Røker-Marie" med sin hund Sjantus. Hun røkte kjøtt og flesk og vi barn sanket alt det tørre løv vi kunde finne om høsten til henne. Hennes gatedørsstokk var den herligste sitteplass for oss når vi var ute og lekte, men blev vi da høirøstet, så visste vi ikke ordet av det før Marie med hunden i helene åpnet døren og sto der tjavset og rar og skjelte oss ut i en dialekt som jeg aldri forstod hvor den var fra, - den var nu ikke bergensk."

Nr. 8:

"I huset rett overfor vårt bodde "Johan i skjorteermene". Vi kallte ham vel så fordi vi alltid så ham således klædd. Det var et hus med krinkler og kroker. Johan eide huset, og som vi senere forstod, drakk han. Ovenpå i et lite værelse bodde Malene og Eileve. De solgte frukt på torvet. Han gikk med to stokker, og Malene var tunghørt. Han drakk også og var en ugudelig mann. Men en dag blev Eileve syk, og da vi ikke så ham på gaten, spurte vi Malene, og hun sa han var syk. Da bruste det op i mitt hjerte, alt det gode jeg visste om himmelveien som jeg kjente. Nei, jeg måtte fortelle dette til Eileve, og en dag gikk jeg derop med min "Zions harpe". Jeg sang for ham og snakket 14-åringens snakk med ham og bad med ham. Da det så lakket mot enden for ham, spurte Malene om hun ikke skulde hente presten. "Nei," sa han; "jeg tenker den små presten greier det hele." Jeg tror Eileve gikk hjem til Gud."

Morsomt er det å finne igjen disse menneskene i registrene fra folketellingen i 1875. Her er registrene for Skostredet 14 (med "Røker-Marie") og 16 (med "Johan i skjorteermene"):

Skostredet 14 (19. rode, nr. 14)

19. rode nr. 13

1 Johannes Gudmundsen Underste Etage m Husfader g Ølbrygger 1838 Haugs Præstegjeld

2 Ølgaard Johannesen Underste Etage f Konen g 1838 Lindaas Præstegjeld

3 Karl Johannesen Underste Etage m Søn 1861 Bergen

4 Gabriel Johannesen Underste Etage m Søn 1862 Bergen

5 Andrias Johannesen Underste Etage m Søn 1866 Bergen

6 Ludvik Johannesen Underste Etage m Søn 1875 Bergen

7 Ingeborg Johannesen Underste Etage f Datter 1868 Bergen

8 Johanna Johannesen Underste Etage f Datter 1870 Bergen

9 Karen Tommasen Underste Etage f Tyende ug Kokkepige 1858 Lindaas Præstegjeld

10 Lisabet Axelsen 2den Etage f Kone g Brandmand J. Storetræ 1835 Jølster

11 Alfred Johannesen 2den Etage m Søn 1868 Bergen

12 Levidia Johannesen 2den Etage f Datter 1867 Bergen

13 Isak Sørensen 2den Etage m Logerende ug Politikonstabel og Sergeant 1848 Indvigs Sogn Udvigs Prgj.

14 Elef Monsen 2den m Husfader g Handler paa Torvet 1816 Hosanger

15 Malene Isaksen 2den f Kone g Handler paa Torvet 1817 Herlø Sogn

16 Eilert Elefsen 2den m Søn ug Seilmagerlære 1858 Bergen

17 Johannes Endresen 2den m Logerende e Byens Arbeider 1808 Tysnæs

18 Abraham Zacarisen Sidebygningen m Husfader g Bud Kreditkassen 1841 Jølster

19 Syneve Samuelsen Sidebygningen f Kone g hans Kone 1843 Jølster

Skostredet 16 (19. rode nr. 13)

19. rode nr. 14
1 Marie Olsen 1ste Etage f Husmoder Enke Røgerske 1805 Namdalen Kolvereids Præstegjeld
2 Petter Marius Pettersen 2den Etage m Husfader g Ostehandler 1844 Nykirken Sogn Bergen
3 Ragnhild Pettersen 2den Etage f Husmoder g 1844 Eids Præstegjeld i Nordfjord
4 Alida Caroline Georgine Pettersen 2den Etage f Datter ug 1870 Eids Præstegjeld i Nordfjord
5 Amanda Eline Pettersen 2den Etage f Datter ug 1872 Korskirken Sogn Bergen
6 Petter Marius Pettersen 2den Etage m Søn ug 1875 Korskirken Sogn Bergen
7 Eline Ragnhilde Andersdatter Hafsaas 2den Etage f Tjenestepige ug Tjenestepige 1854 Eids Præstegjeld i Nordfjord
8 Paul Martines Ingebrigtsen Alme 2den Etage m Husfader g Bagersvend 1847 Ulfstens Prestegjeld Søndmør Romsdals Amt
9 Oline Marie Alme 2den Etage f Husmoder g 1846 Lærdals Prestegjeld Sogn
10 Karen Christine Johanesdatter Solvi 2den Etage f Skræderpige ug Skræderpige 1848 Havslo Præstegjeld Sogn
11 Hans Petersen Lærdalsøren 2den Etage m Loserende ug Potethandler 1850 Lærdals Prestegjeld Sogn
12 Albert Nicolay Johansen 2den Etage m Husfader g Arbeidsmand 1840 Nykirken Sogn Bergen
13 Anne Karine Johansen 2den Etage f Husmoder g 1845 Askøens Prgj. Strudshavn
14 Susanne Christiane Johansen 2den Etage f Datter ug 1874 Korskirken Sogn Bergen

---

1 Reinert Abrahamsen. Han sønn Arent giftet seg senere med Louisa Ball Barratt, søster til vår oldefar Thomas Ball Barratt.

*Hanne Karin Sandvik:*

# Ei handinnbunden kyrkjebok

Statsarkivet i Bergen har i sine samlingar ei mengd bøker som er bundne inn for hand av lokale bokbinderi og i teknikkar og tradisjonar representert gjennom fleire sekel. Handinnbundne bøker er i dag sjeldan vare, men somme nye, handinnbundne bøker har fått status som kunstobjekt og blir selde til høge prisar. Fleire større bibliotek i verda samlar nå bevisst inn kunstband, t.d. Kongelig Bibliotek i København, og som lest i Bergens Tidende i november; i år er det bergenskunstnaren Hjørdis Harmens Kaland som fekk oppdraget av Kungliga Biblioteket i Stockholm å handinnbinda boka for i år. Dette er ein prosess som følgjer konsekvensen av at bokbindaryrket held på å døy ut.

Før eventuelle inngrep blir gjort på ei bok, skal boka som ein del av konserveringsprosessen, dokumenterast.

Som eksempel på dokumentasjon sett frå ein papirkonservator sin ståstad, tar eg i artikkelen for meg kyrkjeboka frå Vikøy sokn i Kvam prestegjeld frå 1880-1908. Boka er vilkårleg vald ut etter at ho vart levert inn for konservering.




På 1800-talet byrja bokbindaren å signera sine verk, og vår kyrkjebok frå Vikøy er vi så heldig å veta kva for eit bokbinderi som står bak. Det er F. Beyer i Bergen som har bunde inn kyrkjeboka. Spegelen på forsatsen er nemleg forsynt med eit trykt merke der det står "No. 3052. Ved bestilling af en lignende bog behøves kun ovenstaaende no. Oppgivet. F. Beyer i Bergen". På den tid kyrkjeboka vart bunden inn, altså 1870-1880- talet, var det livleg bokbinderiaktivitet hos F. Beyer, og annonsar viser at dei då kalla seg "protokolfabrik". Frå bokbindar Jan H Larsen som i dag arbeider hos bokhandelen F. Beyer i Strandgaten, som er det som er att av det gamle F. Beyer, får vi veta at termen "protokollfabrik" ikkje skal lesast som fabrikk i den meining at det er maskinar som står for arbeidet. Han fortel at på denne tid vart bøkene ennå bundne inn for hand, og det er først mykje seinare, inn på 1900-talet at innbindinga blir maskinelt utført. Rundt 1870-talet då kyrkjeboka er innbunden,

dreiv Beyerfamilien både bokbinderi, trykkeri og bokhandel, og ein kan med det kanskje gå ut frå at den trykte delen av kyrkjeboka er trykt hos same firma. Beyerfamilien var driftige forretningsfolk og kjøpte bl.a. opp ”Det Sembske Bryggeri” som skulle verta det seinare ”Hansa”. Fredrik Beyer som på den aktuelle tida styrte F. Beyer, var ein iderik mann. Han reiste bl.a. gjennom norske settlement i Amerika for å selja stablar med salmebøker og religiøse skrifter som bergensarane ikkje ville ha. I Amerika var derimot behovet stort, og bøkene selde som varmt kveitebrød. Det gjekk såpass bra at han i Bergen i årevis trykte religiøs litteratur for den norskamerikanske kyrkja før amerikanarane fann ut at dei kunne trykkja sjølv. Fredrik sin son Thorvald Beyer, som styrte bokhandelen F. Beyer i Strandgaten, var og interessert i turisme og starta Beyers Turistbureau med filialar i Kristiania, Stavanger, Molde, Trondhjem og København.

## Bokteknisk dokumentasjon

I konserveringsfaget ligg prinsippet om å ta vare på mest mogeleg av originalt material og konstruksjon, samstundes som ein i arkivsamanhang har eit krav til at materialet skal vera tilgjengeleg og kunna brukast så langt det er forsvarleg. Er derimot boka for skjør for vanleg handtering, vil ein vurdera sperring etter mikrofilming, slik at det skrivne materialet endå er tilgjengeleg.

Å dokumentera er kulturhistorisk viktig og interessant, særleg om boka skal under såpass drastisk restaurering som ominnbinding, der originalmaterial går tapt. Ein dokumentasjon gir dessutan konserveringspersonale eit grunnlag for å bestemma konserveringsmetodikk.

Aktuelle problemformuleringar i ein dokumentasjonsprosess, kan til dømes vera å definera innbindingsteknikk, kva fiber som er brukt i heftematerial, kva fiber er papiret laga på og korleis er papirkvaliteten i dag, kva dyr kjem overdragslæret frå, er overdraget dekorert og i så fall kva stiltradisjon og periode viser den til, finnest andre spor i boka som kan seia noko om bruk, osb. Ein viktig del av ein dokumentasjon er dessutan å registrera skader.

Arbeidsreiskap gjennom ein dokumentasjon kan vera fotografi, bestemming av materialkvalitet med mikroskopi, kjemiske analysar samt skriftleg dokumentasjon.

Ei bok kan bindast inn på mange vis, alt etter kva ho skal brukast til, men og bokbindereiet sin tradisjon og kultur er avgjerande. Bokbindaren sin stil kan samstundes vera så karakteristisk at bøker bundne av same bokbindar kan kjennast igjen på stilen.

Kyrkjeboka frå Vikøy har såkalla laus rygg, og kalla lausband. Det vi kallar falsen på boka, dvs der rygg og perm er hengsla, er i vårt tilfelle det ein kallar grunn, dvs at

det er eit steg eller gap mellom rygg og perm, dette fordi ryggen er såkalla laus. Dette har konsruksjonsmessig betydning for korleis ein skal gå til vege ved eit konserveringsinngrep og seier oss korleis boka fungerer reint teknisk. Ei bok med fast rygg derimot, har ei anna teknisk løysning og fungerer vel så bra som ei med laus rygg, men teknikken er arbeidskrevande for bokbindaren. Ei bok med fast rygg vil ha ein djup fals, dvs at boka ikkje har steg, og teknikken gir eit anna utgangspunkt i konserveringsprosessen. Nyproduserte bøker med fast rygg og djup fals er sjeldne i våre dagar. Ein detalj som pussig nok heng igjen frå teknikken, er ei etterlikning etter bindgarnet som fans på dei faste ryggane der skinnet var dradd over ryggen og viste bindgarnet som tverrgåande opphøgde render. I moderne tid har dette berre ein dekorativ funksjon og kallast falske opphøgde band. Kapitelband er endå ei dekorform som heng igjen frå dei faste ryggane si tid, og som tidlegare hadde ein funksjon. Kapitelbandet er altså den øvste og nedste del av ryggen som ligg mellom bokblokk og rygg, og i moderne bøker ser ein denne etterlevninga som eit pålimt maskinvevd band. På bøker frå middelalderen var kapitelbandet ei avslutning av ryggen i form av broderi i ulike fargar og storleikar, og var ein del av innbindinga og vart til undervegs i innbindingsprosessen.

Kyrkjeboka frå Vikøy har derimot korkje falske bandsnorer eller maskinvevd kapitelband.

Bøker som krev at dei skal vera lette å slå opp i, og som skal skrivast i, blir ofte bunde over hefteband. Så og i vårt tilfelle med kyrkjeboka frå Vikøy. I arkivsamanhang har ein tradisjon i å binda slike bøker med ein annan teknikk enn slik vår kyrkjebok er bunden. Teknikken kallast protokollinnbinding, og er ein svært solid utforma teknikk som eg ikkje kjem inn på her.



Innbindinga i vår kyrkjebok har hefteband plassert med jamne mellomrom på tvers av ryggen, og med heftetråd som går rundt heftebanda og inn og ut av dei falsa papirarka slik at alle boksider heng i hop og saman utgjer bokblokka. Heftebanda held bokblokk og permar i hop ved at banda går frå ryggen og inn i mellom kartong og papir i permane. Denne ”baksida”,

eller ryggsida av bokblokka ser ein sjeldan, om ein då ikkje er særdeles oppteken av bokkonstruksjon og har for vane å demontera bøker, men og med hjelp av ei lommelykt kan ein granska ein rygg frå innsida, om då boka har laus rygg.

For at boka skal halda i hop gjennom lengre tids bruk, vert ho i tillegg til heftinga, og limt i ryggen. Rygglimet i boka frå Vikøy er av animalsk karakter, og same type kan og vera brukt for å festa overdragsmaterialet til permen.

Gjennom mikroskopi kan fibertype i hefteband og heftetråd bestemmast. Lin er fiberen som helst vert nytta i heftetråd, noko det og er i vårt tilfelle, medan heftebanda er av bomull og veva i kypertteknikk.




Papiret i bokblokka indikerer ved fiberanalyse, at det er tremasse. Perioden tilseier og at dette er tida for når vi fekk det verste papiret, dvs ligninhaldig, mekanisk tremasse som pH-messig ligg på den sure sida. Dette syner seg og i at papiret gulnar i kanten der lys og luft har påverka nedbrytningsprosessen.

Eit anna moment som akselerar nedbrytninga av papiret, er type blekk anvendt i skrifta. Ulike typar er brukt i kyrkjeboka, og tydelege teikn av jerngallusblekkskader viser seg som misfarging rundt skrift. Jerngallusblekkskader kan gå så langt at bortfall av papir syner seg i blekkstreken, men så alvorleg angripen er ikkje vår kyrkjebok.

Mange ulike overdragsmaterial blir brukt i bokbinding, og boka får ofte overdrag etter kor verdifull ho vert rekna å vera. Som utgangspunkt for alle overdragsteknikkar ligg dei to ulike typane ein kallar heil- og halvband til grunn, og som inneber at boka er enten heilt eller halvt kledd i same material. Ei bok med rygg og hjørne av skinn og resten i anna material, er altså eit halvband, og kalla halvfranskt. Det mest eksklusive er heilskinnband, og det er slik vår kyrkjebok framstår, altså ei bok som vart halden for å vera dyrebar. Visse konstruksjonar vert kalla heilfranske band, men då skal boka ha fast rygg og djup fals.

Eit skinnoverdrag må først skjerpast før det kan festast til boka. Å skjerpa skinn er eit handverk som krev trening og handlag, særleg om det skal gjerast på tradisjonelt

vis med skjerpekniv. Læret blir arbeidd slik at det enkelt og smidig kan festas til perm og rygg. Læret skal ikkje vera for tynt men heller ikkje for tjukt, og det krev sin bokbindar. I dag finst enklare skjerpemaskinar med eit barberblad som gir fin, jamn og kontrollert skjerping av læret.

Foretrukne skinntypar har variert gjennom tidene. Geiteskinn, og kalla oasis, er aldersbestandigt og seigt. Fåreskinn var billegare og mykje brukt. Hud frå kalv vart rekna som eksklusivt. Å kjenna igjen hud frå ulike dyreartar kan vera vanskeleg, særleg på bokband som både er overflatebehandla og slitne i læret slik at narven (den side av læret der pelsen sit) kan vera slitt bort. Vår bok frå Vikøy er både slitt og medtatt i læret og har dessutan ein marmorert overflatedekor og er behandla med ein slags lakk.

Gjenkjenning av dyreart kan lesast gjennom korleis dyret sine pelshårhål er plassert. Med ei lupe med forstørring på 8 gonger, kan ein gjera visse antagelser ut frå det ein ser. Imidlertid kan det t.d. vera vanskeleg å sjå skilnad på geit og får og ut frå det vesle som kan lesast av skinnbandet på kyrkjeboka, er det anten får eller geit.

Å bestemma nedbrytningsgrad av skinn blir utført med ein teknikk kalla krympetest, og som krev utrustning vi ikkje har i arkivet, men elles kan ein og gjera seg eit bilete av skinnet sin kondisjon ved forsiktig å skrapa bort fiber med skalpell og studera kor lange fibrar ein får av og kor smuldra fibrane er. Etter meir enn hundre år byrjar fibrane å bli slitne, noko som og ein kan sjå på skadene i skinnet på kyrkjeboka.

Andre og meir kvardagslege, men vakre overdrag, kan vera av papir. Somme er maskindekorerte grafiske mønster, eller flotta handmarmorerte papir. Marmoreringskunsten kan ha sin opprinnelse i Kina, og via Tyrkia vart teknikken på 1500-talet kjend i Europa, der det framfor alt har vore brukt som bokbindarmaterial, både som overdragspapir og i forsatspapir. Tekstiloverdrag eller skirting, er vanleg, medan pergament høyrer til meir forgangne tider, som t.d. på 1600-talet.

Å dekorere bøkene har nok gjeve bokbindaren høve til å gi uttrykk for kunstnaren i seg, og det er her vi stilmessig kan plassera ei bok. Kyrkjeboka frå Kvam har enkel permdekor i form av doble linjer i blinddekor som former ei innramming av boka sin for- og bakperm. Ryggen er forsynt med gulltrykk i tittel samt i tverrbord i ein slags rocaille saman med plantedekor. Blinddekor er en dekoreringsteknikk der dekorverktøyet i varm tilstand blir ført over skinnet og gir spor, medan gulldekor blir til ved å leggja gull under varmt dekorverktøy. Blinddekor blir brun i preginga om skinnet er vått, og berre prega om skinnet er tørt.

## Skader



Å ”diagnostisera” boka gir grunnlag for ein konserveringsplan. Fleire av sidene i boka er delvis lause og sjølve bokblokka er i ferd med å vandra ut av permen grunna lause trådar i innbinding. Nedanfor blir ein del av dei andre skadene vist med bilde og tekst.

Som øvste bilde til venstre viser, har læroverdraget på kyrkjeboka flekkvise bortfall av narv, og dette kan skuldast overflatebehandlinga boka fekk i form av marmoreringsteknikk og lakk. Boka står i fare for å miste all form for dekor ved vanleg handtering.



Handteringsskader er noko ei bok som er i bruk alltid får, men ein del kan ein kome unna ved rett handtering. Ein klassisk handteringsskade er illustrert i vår kyrkjebok i bildet til venstre. Øvste del av rygg er skada etter at boka er blitt dratt ut av bokhylla etter grep her.

Hjørner har fått seg nokre dunk og slag, med bortfall av skinn og oppflisa papp som resultat.





Mange bøker i Statsarkivet er utstyrt med avbilda sikringsteknikk i form av ei gjennomgåande snor som var tenkt å hindra utriving av sider i boka. Snora var festa, som ein ser av bildet, med eit lakksegl på bakre forsats. Denne teknikken gir boka skader i papiret og har når alt kjem til stykket, ingen sikringsfunksjon. Men som representant for ein teknikk og tankegang rundt sikring av ei viktig bok, er den kulturhistorisk interessant.

## *Jan Bødtker:*
# Osbanens postale historie

Selv om det snart er 70 år siden Osbanen måtte parkere sine smalsporete lokomotiver "Bjørnen", "Ulven", "Os" og "Baldwin", lever fortsatt minnet om banen videre hos den litt eldre generasjon.

Fra mitt tilholdssted på Hordnes i Fana, blir jeg hver eneste dag minnet om banens tidligere eksistens når jeg kjører opp og ned Rådalen. Ikke bare ligger det meste av traseen gjennom Rådalen inntakt, også bygningen som en gang var Raadal stasjon ligger på samme plassen som den har gjort siden åpningen av banen i 1894. Stend stasjon ligger der også, som en åpen historiebok mens stasjonsbygningene på Fane og Ulven for lengst er bygget om til beboelseshus, og ikke å forglemme hele stasjonsområdet på Osøren, som var banens hovedstasjon.

Det meste av Osbane-traseen fra Rådalen til Stend, langs Klokkarvatnet og Kalandsvatnet er nå gjort om til gang- og sykkelsti mens den videre trasé til Søfteland fremdeles kan skimtes mellom trær og annet buskas.



*Nesttun stasjon. Vossebanen til venstre, Osbanen til høyre.*

På bakgrunn av at så mye av Osbane-traseen og stasjonsbygningene fortsatt ligger der, er det en historisk blunder at ikke deler av banen allerede er bygget opp igjen som et kulturhistorisk minnesmerke. Mye av utviklingen både i Os- og Fanabygden kan føres tilbake til Osbanen. Men toget har nok gått for siste gang, og det er sannsynligvis ingen mulighet for at vi i fremtiden skal få se en "moderne" versjon av Osbanen ? Derfor har "Osbanens Venner" konsentrert seg om å holde minnet om Osbanen i hevd med driften av museet på Stend stasjon, et museum som er åpent på søndager i sommermånedene. Entusiastene i venneforeningen gjør et verdifullt arbeid i så måte.







Osbanens tekniske historie er samlet gjennom to bokutgivelser (1974 og 1996). Der imot har få interessert seg for Osbanens postale historie. Bortsett fra John Fredriksens artikler bl. annet i Bergens Filatelist-Klubs medlemsblad, "Den Blå Løve", og i katalogen til frimerkeutstillingen "BERGEN '90", har det vært skrevet lite om postgangen på Osbanen. Materialet har ligget og ventet i diverse arkiver, som ved Postmuseet på Lillehammer, Universitets-biblioteket- og Statsarkivet i Bergen og Riksarkivet i Oslo.




## "Arkivgraving"

Da det meste av min fritid innenfor "frimerkeriet" har vært knyttet til Bergen Byposts historie, syntes jeg det var for galt at Osbanens posthistorie skulle forbli ukjent for de fleste som har et forhold til den en gang så populære lokalbanen mellom Nesttun og Osøren.




Ved graving i gamle arkivutskrifter fra Riksarkivet i Oslo, Anders Langangens stempeloversikter, Poststyrets sirkulærer og Norges Postruter fra 1894 til 1935 og andre kilder, har jeg forsøkt å smelte nye og gamle opplysninger sammen, slik at vi i dag vet noe mer om Osbanens postale historie fra starten i 1894 og frem til banen ble lagt ned i 1935.





Indbydelse

til Dannelse af et Aktieselskab for Anlæg og Drift af en Jernbane mellem Nestun og Os, hvorpaa under 13de Februar 1891 er meddelt Koncession af den norske Regjering for et Tidsrum af 40 Aar.

F. G. Gade. Johan A. Mowinckel. Didrik Brit.

W. Konow. O. Sandberg. M. Erichsen. D. Krüger.

Den som graver i gammel historie vet at det fra tid til annen kommer frem nye opplysninger. Skulle noen som leser denne artikkelen sitte på supplerende opplysninger, håper undertegnede at man tar kontakt.

På den 26.3 km lang strekningen mellom Nesttun og Osøren var der i alt 11 stasjoner / stoppesteder, regnet fra Nesttun i kronologisk rekkefølge:

Skjold, Raadalen, Stend, Solbakken, Fane, Hamre (Aanæs), Kismul, Kalandseidet, Søfteland, Ulven og Kuven.

Ved åpningen i 1894 ble det opprettet (midlertidige) poståpnerier på de fire stasjonene Raadalen, Stend, Kalandseidet og Søfteland, og disse skulle underholdes av Nesttun

## - Osbanen.

Til å betjene de nye poståpneriene langs Osbanen, ble banevokterne på stasjonene ansatt. Lønnen var 100 kr. året og ble utbetalt av postmesteren i Bergen, som også hadde det overordnede ansvaret for postgangen på Osbanen.

Fra samme tidspunkt fikk de fire nevnte poståpnerier tildelt hver sitt to-rings datostempel av sveitser-typen, hvor stasjonsnavnet sto i stempelbuen. De fire stasjonene fikk også tildelt hvert sitt signetstempel til bruk ved forseiling av verdipost (bankobrev).

## Postkrig på Osøren

Ved åpningen av banen ble Os poståpneri flyttet fra Lyssand til selve Osøren, like ved jernbanestasjon. Fra samme tid ble frk. Harriet Krüger Nieuwejaar ansatt som poståpner. I tillegg til sin faste poståpnerlønn fikk hun en godtgjørelse på 25 øre pr.



# Nesttun-Osbanen.
## Timetabel
**gjældende fra og med 12te mai 1924.**

gang hun befordret post til og fra Osbanen og dampskipene.

Det var stor uenighet mellom Osbanen og Midthordlandske Dampskibselskab om hvorvidt Osbanen skulle få sende dampskipsposten videre til Bergen. Dampskibselskabet ville helst befordre alt gods (post innbefattet) og passasjerer fra distriktene i Midthordland til Bergen på egen kjøl, selv om det var raskere å ta toget videre til Bergen.

Det er mye som tyder på at den nye poståpneren bare hadde med post som var innlevert på stasjonene langs banen og på Osøren til dampskipene, og som skulle videre til de forskjellige poståpneriene i distriktene innenfor Osøren. Post som ble behandlet ved hovedpostkontoret i Bergen og som hadde adresse i distriktene utenfor Osøren, ble som regel sendt med dampskipene.

Dampskipene fikk bare anledning til å sette i land passasjerer på Osbanens egen brygge på Osøren. Post og gods fikk de ikke lov til å ta i land. Dette løste dampskipene ved å legge seg i innløpet til Oselven og ta post og gods i land med båt.

Det kom inn mange klager til postmesteren i Bergen på det dårlige samarbeidet

mellom Midthordlandske og Osbanen.

Alt i 1920 hadde de to selskapene opprettet korrespondanse på Osøren. På vårparten 1926 ble det presset frem et enda nærmere samarbeid, idet man fra 15. mai kunne levere inn ilgods til "Midthordlandsskibene" på Nesttun stasjon. Men ilgodset ble bare tatt med en gang i uken, nemlig hver mandag med siste tog fra Nesttun (kl. 19.55).

Trusselen om å miste den offentlige støtten til posthåndteringen ombord i dampskipene var en av grunnene til at de to erkefiendene ble tvunget til å samarbeide. En annen faktor som også hadde betydning var konkurransen fra motorbåter og biler.

Postsamarbeidet mellom tog og dampskip varte bare frem til høsten 1931. Om det var fordi det gikk mot slutten for banen, skal være usagt. Ordningen ble i alle fall utvidet til to dager i uken (mandag og torsdag).

Da det nye ruteopplegget ble offentliggjort i Poststyrets sirkulære i mai 1932 var avtalen tatt ut av ruteplanen.

I sirkulæret fra 2. mars 1934 går det frem at postførselen med Osbanens tog 3 og 4 er opphørt. I stedet sendes alminnelig post med banens egen bilrute på samme strekning, fra Os kl. 13.10 og fra Nesttun kl. 14.41. Pakkmester-ekspedisjonen ble overført til tog 7 og 8.

Os poståpneri hadde fra 1898 landpostbudrute til Hagavik og Halhjem, hvor man blant annet betjente Grindevold brevhus. En tilsvarende rute ble opprettet til Hegglandsdalen i 1909. I 1930/31 ble ruten forlenget til Lønningdal to dager i uken.

## Osbanens Postekspedisjon

Fra 1894 og frem til Osbanen fikk egen postekspedisjon ombord i togene (1. mai 1919), ble all post til og fra poståpneriene langs Osbanen pakket og kartert på Vossebanens Postexpedition på Nesttun. Det var konduktørpost både med og uten banko på de avganger som førte post. Det første året var det bare en avgang i hver retning som var postførende.

Senere ble posttilbudet på banen utvidet til to avganger i hver retning pr. dag.

Morgentoget hadde konduktørpost med banko mens ettermiddagstoget var uten banko.

Foruten å ta med post til de forskjellige poståpneriene og stoppestedene langs banen, ble også all post til poståpneriene i Blomsterdalen, Hegglandsdalen, Lysekloster, Hagavik, Halhjem og Ulven leir, befordret med Osbanen. Det kunne

også sendes post mellom Nesttun og poståpneriene på Stend, Kalandseidet, Søfteland og Osøren.

I Postens tilleggssirkulære nr. 7 fra 1895 går det også frem at det kunne sendes post mellom Raadalen og Stend hver mandag, onsdag og fredag middag med retur samme dag.

I 1905 ble det avsendt 63.000 brev fra Osbanens distrikt, et antall som fem år senere var øket til 111.000. I 1915, da det var aktivitet i Ulven leir hele året, var antallet avsendte brev rekordstort, nemlig 214.000, hvorav nesten 94.000 ble sendt ut fra Ulven leir.

Post som er stemplet på henholdsvis Raadalen-, Stend-, Kalandseidet- og Søfteland stasjoner har gått med Osbanen, og skal klassifiseres som jernbanepost selv om det ikke finnes påtegninger fra selve Osbanen. Det er ingen ting som tyder på at posten fra de fire nevnte stasjonene i tillegg ble forsynt med Osbanens stempel.

Da Osbanen fikk sin egen postekspedisjon i 1919 og frem til nedleggelsen i 1935, ble posten behandlet ombord i togene, bortsett fra posten som allerede var behandlet på de fire overnevnte stasjoner / poståpnerier, og Fane stasjon fra 1925.




All post som ble levert direkte til postekspeditøren ombord i toget, eller fra andre stasjoner / stoppesteder langs banen, ble stemplet med Osbanens eget stempel - et to-rings sveitserstempel med navnet "OSBANEN" i stempelbuen, og i en meget kort tid fra mai til juli måned i 1919 med 4-ringsstempelet "830".

Eller som det sto i Poststyrets sirkulære nr. 36 - 1919: "Fra 1. mai vil der inntil videre bli sendt post med efternevnte jernbane som nedenfor angitt. Hvor intet særskilt er bemerket, er der sedvanligt postekspedisjon på toget."

## Nesttun – et knutepunkt

Nesttun var i en årrekke knutepunktet for post fra Kristiania (Oslo) til store deler av Midthordland, Sunnhordland og Osbygden. Post fra Oslo- og Vossetoget, som skulle videre med Osbanen, ble omlastet på Nesttun.

Strekningen Bergen – Nesttun ble betjent med postledsager. Postledsageren sto også for omlastingen på Nesttun stasjon.

Osbanens postekspedisjon var enmannsbetjent, og det var ganske så naturlig ettersom postkupeen bare var på 2.3 kvadratmeter. Mannen som hadde ansvaret for

postekspedisjonen var Erik Ørdal fra Os. Han var fast reisende postpakkmester fra 1919 til banen ble nedlagt i 1935. Ørdal hadde bare avløser hver annen søndag, og den som avløste ham var postpakkmester Herdlevær fra Bergen.

Da Osbanens postekspedisjon åpnet 1. mai var det ordinære to-ringsstempelet ikke ankommet fra gravøren i Oslo. Derfor ble det fra postintendanten i Oslo sendt over et 4-ringsstempel "830", som fungerte som hjelpestempel. Dette stempelet ble sendt fra Oslo 24. april 1919 og var i bruk allerede ved åpningen. 4-ringsstempelet ble returnert fra Bergen 24. juli 1919.




Osbanens ordinære to-ringsstempel ble sendt fra Oslo 24. juni, syv uker for sent. Det ble ganske sikkert omgående tatt i bruk. Det første avtrykket som er kjent av Osbanens to-ringsstempel, er 18. juli 1919. Stempelet ble returnert til Oslo 29. september 1935.

"830"-stempelet er kjent brukt 1. - og 8. juni 1919.

At Anders Langangens stempelkatalog har 26. april 1919 som forsendelsesdato av to-ringsstempelet, må bero på en skrivefeil. Hvis denne datoen var korrekt var det ikke behov for å sende over et hjelpestempel til åpningen 1. mai!

Det hører også med til Osbanens postale historie at banen hadde egne fraktmerker, etter samme opplegg som Norges Statsbaner. Mer om fraktmerkene kan man lese i utstillingskatalogen for "Bergen "90" og i "Den Blå Løve" nr. 4 - 1994.

# Litt om stasjonene




**RAADALEN:**

Stasjonen fikk status som poståpneri ved banens åpning i 1894, og fikk fra samme tid sitt eget to-rings datostempel av sveitsertypen og et signet-stempel.

I følge Postmuseets notater skal poståpneriet ha blitt flyttet til Ytre Midtun allerede 1. juli 1895. Dette er tvilsomt ettersom Ytre Midtun først fikk brevhus i 1900 etter flyttingen av nettopp Raadalen poståpneri. Dette skjedde 2. april 1900, og fra samme tid ble status forandret til brevhus. Ytre Midtun brevhus lå i krysset Grimseidvegen/Skagevegen. Brevhusbestyrer var fhv. poståpner i Raadalen, Lars Monsen Midtun. Brevhuset på Ytre Midtun ble lagt ned 21. februar 1905.

Året etter, 8.juli 1906, ble det igjen opprettet postkontor på Raadalen station, nå med status som brevhus. Det medførte at brevhuset fikk nytt stempel, et 4-ringsstempel med nummer "373". Stempelet ble sendt fra Kristiania 5. juli 1906.

I henhold til den nye rettskrivningsreformen av 1917, ble navnet forandret til Rådal stasjon uten at man fikk tildelt nytt stempel av den grunn.

Brevhuset Raadal stasjon ble igjen lagt ned. Det skjedde 1. januar 1921.

Behovet for postbehandling ved stasjonen var tydeligvis tilstede, for 1. januar 1924 ble

Rådal poståpneri igjen opprettet. Poståpneriet fikk nytt to-rings sveitserstempeI nå med **RÅDAL** i stempelbuen. Stempelet ble sendt fra Kristiania 9. november 1923.

Ifølge sirkulære nr. 58 - 1923 fra Poststyret, ble poståpneriet opprettet VED jernbanestasjonen. Det vil si i nabohuset, der Østen Handal drev som handelsmann. Imidlertid ble poståpneriet igjen en del av inventaret på stasjonen, da det ble flyttet dit 5. august 1925.

Det kan se ut som at postmengden hadde avtatt for poståpneriet på Rådal stasjon. Igjen ble poståpneriet flyttet til Ytre Midttun, der et nytt brevhus ble åpnet 1. april 1930.

1. juni 1931 opphørte all ekspedisjon på Rådal stasjon. Osbanens sparetiltak tok til å gjelde fra denne dato, og da baneformann og ekspeditør Elias Skage i tillegg ble pensjonist, la man like godt ned hele driften på stasjonen, inkludert billettsalget.

Følgende personer har vært poståpner/brevhusstyrer i den tid det var postbehandling på Raadalen station:

Banevokter Lars Handegaard (fra 1. juli 1894 til 1. april 1900).
Banevokter og brevhusstyrer Elias Skage (fra 8. juli 1906 til 1. januar 1921).)
Handelsmann Østen Handal (fra 1. januar 1924 - midlertidig)
Baneformann Elias Skage (fra 1. oktober 1925 til 1. april 1930)

**STEND:**




Stend stasjon fikk sitt eget to-ringsstempel og signet-stempel ved banens åpning. Stend poståpneri hadde samme status i hele Osbanens 41-årige historie.

Allerede i 1898 ble det opprettet en landpostbudrute mellom Stend og Flesland. Ruten ble utført av et gående landpostbud tre dager i uken (mandag, onsdag og lørdag).

1.5 kg var den tyngste forsendelsen som ble tatt med på ruten.

Da Liland- og Ytre Midtun brevhus ble åpnet 2. april 1900, ble brevhusene en del av landpostbudruten. Flesland poståpneri ble først åpnet 1. januar 1907.

Posten til landpostbudruten kom med toget til Stend før den ble befordret videre til Flesland med retur tilbake til Stend. Liland brevhus ble omgjort til Blomsterdalen poståpneri 1. april 1915.

Mellom 1894 og 1910 ble all post til og fra Fane poståpneri på Fanahammeren, avlevert på Stend stasjon for videre forsendelse med Osbanen.

Fra Stend var det også en landpostbudrute til Volledalen og senere også til Rød, hver virkedag i uken. En fottur på 24 km tur-retur. Ruten ble opprettet etter at Fane poståpneri ble nedlagt i 1. januar 1910.

10. mars 1933 ble sveitserstempelet som Stend poståpneri hadde hatt siden 1894, sendt til Oslo for reparasjon. Stempelet fikk etter reparasjonen arabiske tall i stedet for latinske, som hadde preget stempelet siden 1894. Det nye stempelet ble levert fra gravøren i Oslo 27. mars 1933 og videresendt til Stend dagen etter. I perioden stempelet var til reparasjon (10. – til 29. mars), fikk poståpneriet tilsendt fra postintendanten i Oslo et 33 mm to-rings hjelpestempel.

**Følgende personer har vært poståpnere:**

Banevokter Ole Slaatteli (fra 1.juli 1894)
Banevokter Lars Olsen Arne (fra 1.juli 1895)
Stasjonsekspeditør Bertha Fosse (fra 14. januar 1903)
Stasjonsekspeditør Karl Hansen (fra 1. september 1913)
Stasjonsekspeditør Lars H. Tøsdal (fra 12. november 1913 til 1. september 1935)

**KALANDSEIDET:**




Som en av de fire overnevnte stasjoner, fikk Kalandseidet også sitt eget to-rings sveitserstempel og signet-stempel i 1894. Stemplene var i bruk i hele banens levetid. Poståpneriet holdt til i stasjonsbygningen til denne ble flyttet til Fane i 1908, deretter holdt poståpneriet hus hos den lokale handelsmann Hjalmar Espetvedt, bare noen meter fra jernbanelinjen. Etter at vokterboligen ble flyttet til Fane stasjon, ble det bygget et nytt ekspedisjonsbygg på Kalandseidet.

Allerede fra 1898 ble all post til oppsitterne rundt Kalandsvatnet og dalene innenfor, betjent fra poståpneriet. To ganger i uken ( onsdag og lørdag) var det

ombæring av post mellom Kalandseidet, Sandven og Hamre. En landpostbudrute var det også i Grimmelandsdalen (Bontveit). Begge de nevnte ruter ble utført til fots og var henholdsvis 15- og 24 km lang tur-retur.

**Følgende har vært poståpnere:**

Banevokter Lars Magnus Svendsen (fra 1. juli 1894).
Svendsen omkom i oktober 1904 da dresinen han kjørte kolliderte med et ekstratog fra Os.
Stasjonsekspeditør Kari Espetvedt (fra 1. januar 1903)
Tlf. bestyrer og handelsmann Hjalmar Espetvedt (fra 1. nov. 1926 til 1. sept.1935).

**SØFTELAND:**




Som den fjerde og siste stasjonen fikk også Søfteland sitt eget dato- og signet-stempel.

I sirkulære nr. 53 fra 23. september 1921, meddelte Poststyret at Søfteland poståpneri skulle skifte navn til SYFTELAND. Det skulle skje fra 1. oktober 1921.

Det nye sveitserstempelet med SYFTELAND i stempelbuen, ble av en eller annen grunn ikke bestilt hos Christiania Chablon- og Stempelfabrik før 20. januar 1923 med levering 12. mars samme år. Det tok med andre ord nesten 18 måneder fra navnskiftet ble bestemt til det nye stempelet var på plass på poståpneriet.

Det gamle stempelet ble innlevert sammen med bestillingen. Ettersom bare en bokstav i navnet skulle forandres, ble det ikke laget noe nytt stempel.

I perioden fra 20. januar til 12. mars 1923 hadde poståpneriet et 4-rings hjelpestempel med nummer "683" til disposisjon. I nevnte tidsrom er det bare kjent to postale sendinger med dette stempelet, nemlig et postkort med håndskrevet 6/2 1923 og et anvisningsklipp 12/2 1923.

Poståpneriet holdt til i Karl August Johannessens landhandel, som la 100 meter fra stasjonen.

Navnet ble fra 1. desember 1979 endret tilbake til SØFTELAND.

I hele Osbanens historie var det postforbindelse fra Søfteland til Lysekloster til tross for at det også var dampskipforbindelse til Lysefjorden. I 1931 ble det også opprettet en bussforbindelse til Lysekloster (Liderås) fra Bergen.

**Følgende personer har vært poståpnere:**

Banevokter Karl August Johannessen (fra 1.juli 1894)
Handelsmann Fritz Leonard Johannessen (fra 1. januar 1919)

**FANE:**

Allerede i 1894 ble det opprettet et ubetjent stoppested og billettbod på Fane. Trafikken på Fane stasjon må ha vært stor for i november måned 1908 ble vokterboligen på Kalandseidet stasjon flyttet til Fane. I 1920 ble det oppført et eget godshus på stasjonen. 1. april 1925 ble det opprettet brevhus i stasjonsbygningen. I slutten av 20-årene ble navnet forandret til Fana. Brevhuset fikk 4-ringsstempel "361". Stempelet ble først sendt fra Kristiania 8. april 1925 - altså en uke etter at brevhuset åpnet.

Fra 12. desember 1933 ble navnet igjen forandret, nå til Fanamyr. Brevhuset fikk ikke tildelt stempel med det nye navnet. Grunnen kan ha vært at brevhuset allerede ble lagt ned to uker senere - 1. januar 1934.

Alle kjente brev som er blitt innlevert på Fane stasjon, og som har gått med Osbanen, har fått frimerket (ene) annullert med 4-ringsstempelet "361" og sidestemplet med to-ringsstempelet "OSBANEN".

Brevhusstyrer var Marie Hammersland (fra 1. april 1925 til 1. januar 1934).

## Posten til og fra Ulven leir.

Allerede ved åpning av banen i 1894 ble spørsmålet om egen landpostbudrute til Ulven, diskutert. I Postens arkiv (Riksarkivet) er følgende nedtegnet:







"Spørgsmålet om underholdelse af poståbneri paa exeserpladsen Ulven under vaabenøvelser dersteds, stilles inntil videre i bero. Postmesteren i Bergen er anmodet om at have det til observation. Man finder ikke f. t. tilstrekkelig behov til oprettelse af Lanpostbudruten Osøren - Utgjerde og Osøren - Haugland, hvorom Os formandskab bedes meddelt underretning."

I sirkulære nr. 16 - 1901 står følgende bekreftelse på at det var et meget nært samarbeid mellom feltpostkontoret i Ulven leir og Osbanen:

"Der underholdes fremtidig feltpostkontor paa eksecerpladsen Ulven med postforbindelse med samtlige postførende tog paa Osbanen, hvert aar under vaabenøvelserne, iaar fra begyndelsen af mai til 22. august (eventuelt 15. juli)."

1901 var det første året Ulven leir hadde eget feltpostkontor (Nr. 5). Derfor var det naturlig at de allerede fra første dag opprettet et nært samarbeid med Osbanen.

I årene som fulgte var det relativt stor aktivitet på Ulven. Spesielt i 1915 i forbindelse med Nøytralitetsvakten. Leiren var åpen hele 1915, og bare dette ene året ble det registrert hele 93.700 postforsendelser ut av leiren. I 1910 ble 25.700 forsendelser registrert mens antallet for 1920 og 1929 var henholdsvis 13.300 og 2.900.

All post fra Ulven leir ble levert på Ulven stasjon, det vil si i postkupeen av en militær ordonnans som sekkepost for videre postbehandling ved Nesttun stasjon, bortsett fra den post som hadde adresse langs banen.

Post fra Bergen til Ulven leir kom med lokaltoget til Nesttun, hvor den ble kartert og videresendt med Osbanen til Ulven stasjon.

Det finnes ikke kjente brev til eller fra Ulven leir som er stemplet med Osbanens eget



stempel fra mai 1919 til nedleggelsen i 1935.

Ulven stasjon lå ved hovedveien til Os, der man i dag kjører av til Ulven og Strøno. Avstanden fra Ulven stasjon til Feltpostkontoret på Ulven var 3 km.

Tre typer feltpoststempler var bruk i Ulven leir i den tiden Osbanen var i drift. Det første stempelet ble levert fra gravøren 23. november 1897. Stempelet var i bruk ved andre militærforlegninger/øvelser og kom først i bruk på Ulven 1. mai 1901. Det andre stempelet ble tatt i bruk 11. mai 1908 og det tredje 13. mai 1924.

**Kilder:**

Postens arkiver (Riksarkivet).
Postmuseets internettarkiv.
Poststyrets sirkulærer 1894-1935 og Norges Postruter fra samme tidsrom (Postmuseet).
"Norske Datostempler", Del 2" av Anders Langangen.
"Norske Militærleirer og deres posthistorie" av Torbjørn Larsson-Fedde.
Jürgen Tiemers "Stempelkatalog over Norsk Jernbanepost" fra 2002.
Håndbok over Norske 4-rings nummerstempler fra 1987.
Håndbok over Norske Filatelistika fra 1969.
"Nesttun- Osbanen 1894-1935" av Ralph Wilson og Frank Stenvall. Utgitt i 1974.
"Nesttun- Osbanen – en attraksjon som ble borte" av Per Ivar Tautra. Utgitt 1996.
Artikler om Osbanen og Det Midthordlandske Dampskibselskab, publisert i den "Den Blå Løve" og katalogen for frimerkeutstillingen "BERGEN '90".

# *Jan Oldervoll:*
# Bestefar og Aadland-bilerne

I mai 1913 gjekk ein ung mann frå Samnanger om bord i amerikabåten i Bergen: Namnet var Tomas Knutsen Aadland. Han var 24 år gamal, gardsarbeidar og rekna med å livnæra seg ved trearbeid i St. Paul i Minnesota. Han reiste til kjennsfolk. Det er kva emigrantprotokollen for Bergen har å fortelja. Noko meir finst det vel knapt i offisielle kjelder om denne amerikaferda. Då må ein ty til det han sjølv, bestefar min, og andre i slekta har fortalt.



*Det kan ha vore denne hesten og karen som måtte til Trengereid. Men i tilfelle utan damer*

Far til Tomas, Vetle-Knuten kalla, dreiv ein rimeleg stor gard i Samnanger, og i tillegg skysstasjon og telegraf/telefonstasjon. Han var også ein svært dugande snikkar. Han såg med stor uvilje på planane til odelsguten, Han trudde det ville gå med han som med dei fleste som var reiste før han; han ville ikkje koma attende. Sonen sa noko anna. Faren nekta jamvel å ta ut skysshesten då guten måtte skyssast til Trengereid for å ta toget til Bergen, som første etappe på amerikaferda. Det var i grannen si kjerre Tomasen sat då det siste han såg av farsgarden var flagget som gjekk opp og ned mellom heil og halv stang. Det var noko til helsing å få med seg på ferda.

Men til St. Paul kom han. Han ville leggja seg opp pengar. Og han ville læra. Ser me glimten av ein far-son konkurranse her? Han lærte snekkarfaget i St. Paul. Ein sommar tok han seg arbeid på ein farm, for å læra amerikansk jordbruk. Ikkje i Minnesota, men i Montana, der naturforholda var meir likt det ein finn i Noreg. Han fortel i eit brev heim at det kosta han meir å reisa dit enn han måtte betalt for billetten heim. Det var då som no; transportkostnader var meir avhengig av kor

mange som reiste enn kor langt det var. Og så såg han på bilar, og fortalde entusiastisk i brev heim om bilparadar i Minneapolis. Han såg nok for seg at her kunne hestane heime på skysstasjonen bytast ut.




*Den første bilen, Dodge-en R-84*

I 1916 reiste han heim att, med pengar og kunnskapar. Og ikkje minst idéar. Tidleg ein morgon i januar 1917 var han ikkje å finna då frukosten stod på bordet. Han var reist til Kristiania. Han tok førarkort og kjøpte bil, ein Dodge sjusetar som vart levert med toget i slutten av april same året. Og så starta han rutebil; mellom Trengereid og Norheimsund. Norheimsund var litt av eit turistsentrum i dei dagar, med flust av turistbåtar om sommaren. Dessutan var Trengereid jernbanestasjonen for dei hardingar og samningar som hadde ærend i byen. Veg til Bergen kom ikkje før i 1930-åra. Sjølv om rundturen berre er ca 100 km, tok den dagen. Sjå ruta frå 1919. Frå Trengereid til Norheimsund tok det 2 ½ time. Rutetida i dag er 47 minuttar. Men så var fartsgrensa 25 km/t, og så lite som 15 km/t gjennom Tysse og ned Tokagjelet.

Etter kvart fekk han fleire bilar og starta opp andre ruter, aleine eller saman med andre. Tidleg i 1920-åra starta han rute mellom industristaden Ytre Arna og jernbanestasjonen Indre Arna, og etter kvart mellom Ytre Arna og Bergen. Han var også med å starta rutekjøring mellom Os og Bergen. Han kjørte også Garnes – Nesttun i ein periode.




*Dei to første Dodge-ane (R-84 og R-130) og Tomasen.*

Men hovudruta var Trengereid – Norheimsund. Men her var også konkurransen størst; mange kjørte rute på denne strekningen. Men her var det ikkje berre vanleg rutekjøring, om sommaren var det også turkjøring. Cruiseskipa gjekk enten inn Hardangerfjorden til Norheimsund eller inn

Bjørnefjorden/Samnangerfjorden til Tysse. Der vart passasjerane sette i land og frakta over Kvamskogen med bil eller hest. Det var på denne ruta og til denne kjøringa at Tomasen i 1928 kjøpte ein Cadillac frå USA, R-1001.



# AUTOMOBILRUTE

for

# Aadland-Bilerne

## 1919

| | |
|---|---|
| Fra Aadland . . . kl. 8.15 fm. | Fra Norheimsund kl. 3.— em. |
| Til Trængereide - 9.— „ | „ Kvamshaug . - 4.— „ |
| Fra Trængereide - 9.30 „ | „ Tysse . . . . - 4.30 „ |
| „ Aadland . . . - 10.— „ | „ Aadland . . . - 5.— „ |
| „ Tysse . . . . - 10.30 „ | Til Trængereide - 5.45 „ |
| „ Kvamshaug . - 11.— „ | Fra Trængereide - 6.— „ |
| Til Norheimsund - 12.— „ | Til Aadland . . . - 6.45 „ |

Det er to bilar som framleis lever i slektsminnet. Det er R-84, som var ein Chandler og Cadillacen R-1001. Det er ikkje heilt lett å vita kor mange bilar han elles hadde. Før, ja heilt fram til dei nye to-bokstavskilta kom i 1971, var det vanleg å ta med seg bilnummeret frå ein eldre bil når ein kjøpte seg ny. Dermed kunne gamlebilen få seg nytt skilt. Men når det i kjeldene dukkar opp ein bil med eit nytt kjenneteikn er litt vanskeleg å vita om dette *var* gamlebilen eller om det faktisk er ein ny. Men me veit at han kjøpte tre Dodge-ar i 1917 og 1919. Det kom ein Chandler i 1920, han kjøpte ein Hudson og ein Paige på tjuetalet for å avslutta med Cadillacen i 1928.

Men så vart det slutt. I 1932 var vegen ferdig mellom Tunes og Trengereid, den såkalla og i mange år berykta Skuggestrandsvegen. Det opna for at rutebilane mellom Norheimsund-Trengereid kunne køyra heilt til Bergen. Det likte NSB dårleg. Dei fekk Storting til å vedta at det skulle skipast eit billag der NSB hadde fleirtal som fekk konsesjon for rutedrift mellom Bergen og Hardanger. Det var i realiteten slutten for rutebilane på Ådland, og starten på Bergen Hardanger Billag, der eg sjølv var



*Chandleren frå 1920 i sommarleg utgåve. Han har arva nummeret R-84.*




*Scaniaen utanfor Dali-museet i Figueres i Spania*

reservesjåfør i 15 år. Også på dei andre strekningane kom det andre og større selskap som overtok rutene. Aadland-bilerne var borte. Men bestefaren min var ikkje ferdig med kommunikasjon av den grunn. Alt i 1904 fekk dei telefonstasjon inn i huset. Dessutan hadde han bensinstasjon nedmed vegen. Og etter krigen fekk han drosjeløyve.

Elles er det ei historie i slekta som fortel noko om kor storarta og framandarta det var med bilar i 1920-åra. I februar 1926 brann løna til Tomasen. Sjølv arbeidde han i banken på Tysse den dagen og hadde ein bil med seg dit. Men han hadde ein annan ståande ved løeveggen. Då naboane kom til, var det ikkje buskapen og hesten dei tenkte først på å berga. Heller ikkje Vetle-Knuten som låg for døden i heimehusa ti meter borte. Eller mor mi, som var halvtårsgamal. Nei, det var bilen. Den samla dei seg på først. Problemet var at bilen ikkje let seg rikka. Handbremsa stod nok på og bilen i gir. Ingen av dei visste korleis dette skulle gjerast. Enden på visa vart at dei drog han som ein slede til dei synest han var så langt borte at han var berga. Så var det å berga dyra. Både hest og kyr vart berga, men ikkje sauene. Dei brann inn. Og både oldefar min og mor vart borne til naboen. I dag ville ein vel fått lensmannen på nakken etter ei slik prioritering.

Sumt av dette er eg blitt fortalt. Det meste er eg blitt minna på ved å lesa i boka bror min har skrive om heimegarden vår. Svein O. Aadland. *Ådland. Folk og hendingar*, Samnanger 2002.

Elles, for den som er usikker på om arv betyr noko. Forfattaren er den stolte eigar av to bussar, ein Scania og ein MAN. Men sidan han ikkje har tid til å driva rutekjøring, vert dei berre brukte til å gle han sjølv og dei næraste. Det har skjedd noko på rutebilfronten på dei knappe 70-åra som skil R-84 og SP-55759. Men det er nok den same basillen som har bite både meg og bestefar min.